

Kommuneplanens arealdel for Lom:

Uttaler og innspel ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Dok nr. Avsendar:

- 15 Kari Opsahl – e-post 19.07.2021
- 28 Statens Vegvesen – brev 06.09.2021
- 29 Norsk ornitologisk foreining Sel og Ottadalen – brev 05.09.2021
- 30 Lom bonde- og småbrukarlag – brev 06.09.2021
- 31 Hans M. Graffer – e-post 06.09.2021
- 32 Røros Takst AS v/Ole Erik Feragen – epost 07.09.2021
- 33 Lom Fjellstyre – Uttale gjeve i samband med møte i fjellstyret 06.09.2021
- 34 Odd Repp – brev 07.09.2021
- 35 Kari Ramen, Hans Slålien, Liv og Øyvind Angard – brev 06.09.2021
- 36 Sylfest Ødegård – e-post 08.09.2021
- 37 Direktoratet for mineralforvaltning – brev 08.09.2021
- 39 Marit Øyberg og Geir Nilsen – brev 08.09.2021
- 41 Setereigarar på Nåvårseter – brev 05.09.2021
- 42 Mariann Skjedsvoll og Torgeir Verlo Olsen – brev 08.09.2021
- 43 Finndalsvegen ved leiar Hallgeir Vang – e-post 08.09.2021
- 44 Odd Egil Øyen – e-post 08.09.2021
- 45 Styret i Lom Bondelag – brev 07.09.2021
- 46 Gaute Elvesæter Helland – brev 09.09.2021
- 47 Styret i Meadalen utmarkslag – brev 08.09.2021
- 49 Geir Marstein – e-post 09.09.2021
- 50 Kjell Brandsar – e-post 10.09.2021
- 52 Setereigarar og beitebrukarar på Nordseter, brev 13.09.2021
- 54 Erik Visdal og Synnøve Aukrust – brev 15.09.2021
- 56 Statskog – brev 17.09.2021
- 57 Mattilsynet – brev 14.09.2021
- 58 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – brev 22.09.2021
- 59a Statsforvaltaren – samordning av statlege motsegner – brev 23.09.21
- 59b Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), brev 22.09.2021
- 59c Statsforvaltaren i innlandet, brev 23. 09.2021
- 60 Innlandet fylkeskommune, brev 21.09.2021
- 61 Nasjonalparkstyret for Reinheimen, brev 29.09.2021
- 62 Setereigarar i Fugleseterområdet i Vågå, brev 30.09.2021
- 63 Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel, brev 30.09.2021
- 64 Vågå Bonde- og Småbrukarlag, brev 30.09.2021
- 66 Storhaugen gard AS, e-post 30.09.2021
- 67 Brimi Fjellstugu AS , e-post 30.09.2021

Fra: Kari Opsahl[kaopsahl@online.no]
Sendt: 19.07.2021 10:28:28
Til: Postmottak Lom kommune[post@lom.kommune.no]
Tittel: Arealplan

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10

Arealplan – område Garmo/Frisvoldskogen

Det er positivt at det er forslag til flere områder tiltenkt bygging i Garmo. Skal vi få folk til å busette seg i Lom kommune må vi ha hus dei kan leige, og vi må ha **byggeklare tomter**. Difor burde kommunen ha eit tilbud om begge deler også i utkantene. Det er viktig at dei som er interessert får eit val, og pr data er ikkje det tilfelle i Garmo.

Vi i Frisvoldskogen er så heldige at vi har ein stor idrettsbane midt i feltet. Det er det bane, gapahuk, skateboard, isbane om vinteren, skiløype osv Området er eit naturleg samlingspunkt for alle i alle aldre.


I tillegg er det ein leikeplass i øvre feltet. (7/2 F5) Søre enden av denne har ikkje vore brukt på 20-25 år. Da hadde vi ei sykkelløype der. Nå er denne delen heilt tilvokse. I nørde del står det eit huskestativ, ei sandkasse og ei sklie. Det blir ikke slått, og plassen har ikkje vore vedlikehald på mange år. Det er heilt naturleg da det sjelden eller aldri er noen som nytter den; dei ungane som bur her er på Idrettsbana. Det har dei alltid vore.

Mitt forslag er at dette område bli omdisponert til tomter. Veg, vatn, kloakk, strøm og breibånd ligg klart. Så vidt eg hugsar kunne tomter som ikke vart nytta på 10 år tildelast gratis til dei som ville bygge. Her ligg det område som kommunen ikke ville ha utgifter på; kvifor ikkje annonsere byggeklare tomter for å sjå om nokre er interesserte; nyinnfløtte eller personar som kanskje bur i store hus som vil bygge noe nytt og lettstelt i eit trygt nabolag. Eg tror det ville gi Lom kommune ei positiv omtale. Vi har ein av Norges beste barnehage i nærmiljø, det er ikkje meir enn 15 minutt til gode skuletilbod, vi har idrettsbane, utallige turmuligheiter sommer som vinter, 30 minutt til skianlegg(Lemmonsjøen), badestrender, aktivt idrettslag, flott bygdahus og 15 minutt til Lom / Vågå sentrum med alle dei kulturaktivitetane som er der, 45 min til Otta /togtilbod..... **Kom til Ottadalen / bu i Garmo!**

Lykke til med arealplanarbeidet.

Kari Opsahl

Frisvollskogen



Frisvollskogen

100m



Statens vegvesen

LOM KOMMUNE
Sognefjellsvegen 6
2686 LOM

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Astrid Kristiansen / 97197063

Vår referanse:
21/143618-3

Dykkar referanse:
2021/708-12

Vår dato:
06.09.2021

Merknader ved offentlig høyring og ettersyn_ Revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom kommune 2021–2030

Vi viser til høyringa datert 07.07.2021 med forslag til revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom kommune.

Saken gjeld

Framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Lom kommune er lagt ut til offentlig høyring og ettersyn. Planforslaget omfattar heile kommunen sitt areal utanom Fossbergom som er omfatta av eigen kommunedelplan. I planforslaget følgjer det mellom anna plankart, føresegner og retningslinjer og konsekvensutgreiing.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegner av staten, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Statens vegvesen si rolle i denne saka er som forvaltar av riksveg og som fagmyndigheit for vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Industrigata 1
2619 LILLEHAMMER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Våre merknadar til planforslaget

Dette er ein godt gjennomarbeidd plan, som tek opp utfordringar og moglegheiter knytt til arealbruken i tida framover.

Nye bustadområde:

Det er gjort ei kartlegging av talet på ledige bustadtomter i kommunen, og kor mange nye bustadeiningar som har kome til dei siste åra. I samband med konsekvensutgreiing av nye foreslåtte bustadområde har kommunen vald å gå vidare med tre av desse. Dei tre bustadområda ligg i tilknytning til Frisvollskogen bustadfelt i Garmo, som er eit av grendesentra i kommunen. Frå bustadfeltet er det gang- og sykkelveg fram til busshaldeplass langs rv. 15. Skuleelevar i bustadfeltet har med det trafikksikker skuleveg.

Lom kommune ønsker å oppretthalde målet om spreidd busetnad, samtidig som det er eit mål at trafikktryggleiken skal være tilstrekkeleg i heile kommunen. I planen er det lagt inn eit nytt LNF-området for framtidig spreidd bustadbygging i Lia, langs fv. 2644, Flatmovegen. I samband med spreidd busetnad er det vanskeleg å sikre trygg tilkomst for gåande og syklende. Det må leggjast vekt på nærleik til busshaldeplassar og trygg tilkomst til dei.

Næringsområde:

Næringsområde Lågkollen vest, BN01, er vidareført frå gjeldande kommuneplan, og utvida med eit nytt område, BN03. Området ligg inntil rv. 15 aust for Rådsbakken. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging, og her vil avkøyring til riksvegen bli avklara gjennom ein reguleringsplanprosess.

Gang- og sykkelveggar:

Kommunen har lagt inn forslag til fire nye gang- og sykkelveggar langs rv. 15 med linjer og arealbruksformål i planen. Det er positivt at eksisterande og framtidige traséar blir lagt inn i plankartet for å synleggjere samanhengen i gang- og sykkelvegnettet. Ei realisering av gang- og sykkelvegnettet langs rv. 15 er avhengig av prioriteringar i Nasjonal transportplan.

Statens vegvesen, Transport og samfunn

Med helsing

Hans Martin Asskildt
Seksjonssjef

Astrid Kristiansen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

INNLANDET FYLKESKOMMUNE, Postboks 4404 Bedriftssenteret, 2325 HAMAR
STATSFORVALTEREN I INNLANDET, Postboks 987, 2604 LILLEHAMMER



Vågå 05.09.2021

Lom kommune,
Sognefjellsvegen 6,
2686 Lom.
post@lom.kommune.no

Saksnummer 2021/708.

Høringsuttalelse fra NOF Sel og Ottadalen lokallag vedrørende Lom kommunes arealplan 2021-2030. Uttalelsen gjelder bygging av fritidsboliger i område Nordsætrin BF01, BF02 og BF03.

NOF Sel og Ottadalen er negativ til planene om bygging av fritidsboliger i de nevnte områdene.

Det er særlig den lokale bestanden av orrfugl og lirype vi er bekymret for. Utbyggingsplanene frarøver fuglene viktige leveområder. Orrfuglen benytter blant annet deler av de berørte områdene som spill- og oppvekstområder. For lirypa er furuskogen en kjærkommen vinterbiotop som gir le og mat, spesielt når det blåser og snør som verst.

Andre fugleslag NOF har observert i de planlagte utbyggingsområdene er jaktfalk, tårnfalk, varsler, trane, snøspurv, nøtteskrike, lavskrike, flaggspett, blåstrupe, løvsanger, kjøttmeis og blåmeis.

Generelt vil vi anføre at dagens industrielle bygging av fritidsboliger ikke er naturvennlig. Fritidsboligene legges nesten alltid slik, at dyr og planter frarøves viktige, stadig større leveområder.

Antallet fritidsboliger nærmer seg nå omkring 450.000. Omkring 70% har innlagt strøm. Mange må kjøre svært langt for å komme til fritidsboligene. Bruken av snøskutere og motorisert preparering av skiløyper er økende. Dette medfører et stort forbruk av energi og utslipp av klimagasser, noe som i sin tur legger et ytterligere press på naturen.

NOF Sel og Ottadalen er ikke prinsipielt mot bygging av fritidsboliger. Men vi ber Lom kommune i samarbeid med nabokommunene, om å bygge videre i allerede påbegynte utbyggingsområder, i stedet for å spre nye fritidsboligfelt ytterligere i terrenget.

Det er for øvrig svært beklagelig og påfallende at utbygger ikke selv pålegges å kartlegge naturverdiene i god tid før søknadsprosessen starter.

Med hilsen
(Sign)

Atle Kjærvik, leder NOF Sel og Ottadalen
(tlf. 90193275)
kjatile51@gmail.com

Høyringsuttale til kommuneplan for Lom.

I utkast til ny kommuneplan for Lom er det forslag om å regulere fem nye område til fritidsbustader. De står også at utbygging av fritidsbustader er eit satsingsområde for kommunen. Argumenta for å vedta dette er konkrete. Det gir dokumenterbare effektar i form av arbeidsplassar lokalt i byggefasen, samt ei viss varig lokal omsetning frå dei som eig hyttene. Slik det er i dag vil verdien av tapt utmarksbeite på same område og ei litt meir oppstykkta utmark kome tapande ut i alle slike saker.

Lom kommune er i ei særstilling samanlikna med mange andre kommunar nettopp fordi vi har lite hytter. Vi har eit rikt reiseliv og mange lokale bedrifter som nettopp baserer verksemda si på at vi ikkje har bygd ned utmarka med hytter og andre inngrep. Fleire stader rundt om tar nå innbyggjarar til orde for å bremse hyttebygginga. Hyttebygging påverkar ikkje berre det området der hyttene fysisk blir bygd. Det blir vesentleg auka ferdsel i områda omkring og etterkvart større og mindre inngrep for tilrettelegging av aktivitetar i tilknytning til hytteområda. Det har også vore fleire konflikhtar mellom beitebrukarar og hytteeigarar i flire område. I sum vil opning for fritidsbustader forringe dei aktuelle områda som utmarksbeite.

Med stadig lågare sjølvforsyningsgrad og auka fokus på tap av natur og mangfald må vi ha eit mykje sterkare vern av areal der ein både kan produsere mat og ivareta omsynet til leveområde for andre artar. Viss vi løftar blikket og ser ut over landegrensene er det mykje som tydar på at vi ikkje kan basere oss på å kjøpe 60% av det vi brukar til mat og matproduksjon frå utlandet. Dei vil trenge maten sin sjølv. Å sikre at vi i framtida er mest mogleg sjølvberga med rein mat er kanskje eitt av dei viktigaste tiltaka vi kan gjera for dei som kjem etter oss.

Der er difor svært uheldig om Lom kommune nå tar initiativ til utbygging av fritidsbustadar i sentrale beiteområde. Med bakgrunn i ovanståandde meiner Lom Bonde – og småbrukarlag at Lom kommune bør trekkje ut områda som er lagt inn til fritidsbustadar. Kommunen bør heller ha som prioritert satsing å stimulere landbruket og vera ein aktiv medspelar for å oppretthalde dei bruka som framleis er i drift. Landbruket i Lom er samla sett ein hjørnestein i bygda, både i form av arbeidsplassar på den enkelte gard og kjøp av tenester frå andre bedrifter i bygda. Eit aktivt landbruk. Dette vil også vera ein styrke for reiselivet.

06.09.2021

Lom bonde – og småbrukarlag v/styret

Fra: Hans[hansm02@yahoo.no]
Sendt: 06.09.2021 23:58:13
Til: Postmottak Lom kommune; Sælthun,
Sander[post@lom.kommune.no;sander.saelthun@lom.kommune.no]
Tittel: Uttale sak nr 2021/ 708 ,kommuneplanens arealdel Lom kommune

Innspel høyring arealplan Lom kommune

Generelt

- Det ser nå ut som det politiske miljøet i Lom nå vil gå inn for auka utbygging av fritidsbustader.
- Dette er noko eg er mot. Skuffa over oppmøtet på info møtet frå politisk hald.
- Ein ser i media omtrent dagleg mange eksempel på konflikhtar som kjem i kjølvatnet av slike endringar i bruk av areal.
- Konflikter med bruk av beite og rettar knytt til bruk av utmarka.
- Å bygge hytter /fritidsbustader er irreversibelt, og kan og danne presedens i tilsvarende situasjonar.
- Det er betre at vi får utnytta kapasiteten på dei overnattingsplassane vi har i kommuna, i staden for å få slike område.
- Lom er spesielt med sin store andel av urørt natur- og slik håpar eg det vil bli og i framtida.
- Det er nok ein av grunnane til at Lom er så populært reisemål, samt den fine byggeskikken vi har .
- VI er spesielle, og kvifor skal vi fylgje etter andre når det gjeld arealbruken?

Konkrete plassar

Svartlia seter, og forslag om 2 hytter i nærområdet Svartlia.

- Dette er setra til Graffer- og har vore i bruk i lang tid.
- I bruk til innmarksbeite i dag,- men har og vore slåttemark, såleis feil i info om dette. er slik sett dyrkbar.
- Ute av planen, men uforståeleg for meg at eit enkelt innspel på eit komm.strye møte kan bli teke med, og lagt fram for planarbeid, og konsekvensutgreia.
- Hytte planen i nærområdet protesterer eg på.
- Terrengtet er brukt som beite til Graffer- og alle bruk som har sitt utspring frå her har beiterett i Svartlia.
- Mange har sau i området, og eg driv og bygger opp ammeku bestning som vil gå der frå neste år.
- Er og eit mykky brukt område for Lom tamreinlag, og ein auka trafikk vil vera negativ for denne verksemda.
- Terrengtet er blautt og bratt, og vegen- som vart opparbeidd som tilkomst til setra , er smal ,bratt og utan grøft. Over Vulu er det ei bru som er vanskeleg kome over,- og som ialfall ikkje er brukbar til å køyre over med septikbil og større køyrety.
- Stiller og spørsmål ang.vegrett.
- Ustabli grunn vil skape problem om ein grev i området.

Hyttefelt Lunnarplassen.

Ein flott gamal veg går der, vi kallar han gamle vegen,- gamle Meadalsvegen, ferdselsåra til Solhell og Foss ,samt Smådals setrene.

Det vert framleis nytta når dei går med dyra heim, og det er og eit godt beiteområde for Meadalen sameige.

Vegen er eit flott kulturminne,- og flott tur område.

Er forundra over at en ikkje er med i oversikta over viktige kultur og turomåde i planen.

Og kva med vatn/kloakk? Dårleg veg , som er opparbeida eine og aleine for Svartlia seter .

Om ein skal ta vatn frå Vulu , så er det tidvis lite vatn til vatningsanlegga nedover Vårdalen, Dette blir da forverra.

Har høyrte om slike problem v utbyggingar, t.d. Gausdal.

Seterområde V Tesse.

Dette er ein av dei best bevarte seter stulane i landet, og ligg alt i dag under stort press frå andre interesser.

Viktig å bygge opp under slik aktivitet , i staden for å skape nye problem .

Når det gjeld næringsareal på Lågkollen har eg merknad om at det er eit hønsehauk reir i nær knyting til området som båndlegg bruken av arealet.

Ynskjer attendemelding om at dette er motteke.

Med venleg helsing Hans M Graffer
Meadalsvegen 42
2685 GARMO

Fra: Røros Takst AS v/Ole Erik Feragen[post@rorostakst.no]
Sendt: 07.09.2021 11:18:52
Til: Pedersen, Øyvind[Oyvind.Pedersen@lom.kommune.no]
Tittel: Re: SV: Kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030

Hei!

Takk for at du ser på dette og takk for tilsendt informasjon.

Etter en befaring i området, tenker jeg vel at området kan justeres ned til omtrent det samme som lå inne i kommuneplan fra 2003. Legger ved et utsnitt av ønsket område. Dette er omtrent 200 000 kvm og ligger i hovedsak utenfor fareområder med tanke på skred slik jeg kan lese kartet. Området ligger også godt under 1000 moh. (omtrent 920 moh. på det høyeste).

Har også sett på terrenget i området, og mener vel det skal være mulig å etablere adkomst i området (noe bratt i området ned mot Sognefjellsvegen, men ser det kan være en mulighet å benytte eldre skogsvei til en kommer opp på et noe flatere område omtrent 40-50 meter nord for Sognefjellsvegen.

Er dette nok som et innspill, eller kreves det noe mer fra min side?

Hører fra deg! :)

Med vennlig hilsen

Ole Erik Feragen
Bygg- og takstingeniør

Røros Takst AS
post@rorostakst.no
988 51 165



Den 2. september 2021 kl. 15.26.50 +02.00 skrev Pedersen, Øyvind
<Oyvind.Pedersen@lom.kommune.no>:

Hei

Det er greit at det da kjem eit innspel om det innan høyringsfristen for kommuneplanen sin arealdel.

Når vi utarbeide/utgreidde høyringsforslaget, vurderte vi om vi skulle vidareføre område H2 på Gomobreinnhaugen frå gjeldande kommuneplan frå 2003.

Vi måtte da i fall ha konsekvensutgreidd dette området, da det ikkje var gjort ved utarbeiding av planen frå 2003.

Det var starta opp ein privat reguleringsprosess i regi av Statskog i kjølvatnet av kommuneplanen frå 2003. Kommunen var mellom anna med saman med Statskog å drøfta saka om regulering av område for hyttebygging på eit møte i regionalt planforum der mellom anna Oppland fylkeskommune og Fylkesmannen i Oppland deltok.

Etter møtet stansa planarbeidet etter kvart opp, mogleg pga. at Statskog hadde så mange store prosjekt på gang elles, og at mellom anna utbygging av veg, vatn og avlaup ville bli kostbart for området i Gomobreinnhaugen.

Sidan Statskog heller ikkje hadde kome med noko innspel om vidareføring av området i Gomobreinnhaugen ved varsel om oppstart av kommuneplanarbeidet, vart område H2 ikkje med i det nye planforslaget.

Området du har teikna inn no, er mykje større enn den som låg inne i førre kommuneplan. Eg la inn området du hadde avgrensa på kartskissa i vårt GIS-verktøy og kom da til eit areal på 1 027 214 m² (jf. vedlagte kart).

Det arealet som låg inne i kommuneplanen frå 2003 for H2 er på 162 594 m².

I fall det kjør inn eit innspel om område for utbygging av fritidsbustadar frå dykk, må vi ta stilling til om vi skal konsekvensutgreie forslaget og ta det inn i planforslaget. Blir det snakk om at planen likevel må leggast må leggast ut til nytt offentleg ettersyn og høyring, og især om fleire av hytteområda som ligg i planforslaget, fell ut, reknar eg med at det da vil bli teke inn i prosessen med kommuneplanen.

Eg har sett litt raskt på grunnlaget for ulike tema som må behandlast i ei konsekvensutgreiing. Delar av området er utsett for fare i form av skred og flaum på NVEs aktsemdskart ,jf. kartvedlegg. Lausmassane ser ut til å vere av liten mektigheit og mindre eigna for infiltrasjon av avlaupsvatn, jf. kartvedlegg. Elles ligg området som resten av Bøverdalen i området med særleg verdifullt kulturlandskap og i område som er rekna som vernskog i skogbrukssamanheng.

Som du skriv, kan området kanskje kome betre ut av ein KU-vurdering enn det store og høgtliggande området som var spelt inn via dialogkonferansen i kommunestyret i 2016. Utfordringane er som tidlegare at området er bratt og utfordringar knytt til veg, vatn og avlaup. Har lagt ved nokon lengdeprofilar for området (jf. vedlegg). Terrenget langs profil 1 og 2 (jf. kart) har ei helling på om lag 22 % frå øvst i området til nedpå Sognefjellsvegen, medan terrenget langs profil 3 har ei helling på heile 37 %.

Med helsing

Øyvind Pedersen

Arealplanlegger

Felleskontor for plan, miljø og byggesak for Lom og Skjåk

oyvind.pedersen@lom.kommune.no

Tlf 47333678

Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten

Frå: Røros Takst AS v/Ole Erik Feragen <post@rorostakst.no>

Send: 1. september 2021 13:45

Til: Pedersen, Øyvind <Oyvind.Pedersen@lom.kommune.no>

Emne: Kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030

Hei!

Etter å ha vært i kontakt med Statskog v/Trond Karsrud ønsker jeg å undersøke muligheten for å spille inn en videreføring av område avsatt til fritidsbebyggelse - fremtidig i Leirlie i forbindelse med kommuneplanens arealdel.

Jeg tenker et område som er noe justert mot det som ligger inne i den gamle kommuneplanen, men som er betydelig mindre enn det området som kom som innspill i forbindelse med arbeidet med ny kommuneplan i Dialogkonferanse 2016 (*BF13: Leirhøe – Borgakampen – byggeområde for fritidsbustadar*).

Legger ved kartutsnitt av området både i gammel kommuneplan (vedlegg: "H2-1"), konsekvensutredning og kart fra innspill til nytt område i forbindelse med Dialogkonferanse 2016 (vedlegg: "konsekvensutredning"), samt kart over det jeg ønsker å spille inn som nytt område i planen (vedlegg "Oversikt nytt område").

Det nye området vil i sin helhet ligge under 1050 moh. og vil på den måte være mer skånsomt for landskap, naturmiljø og naturmangfold enn det tidligere foreslåtte området i forbindelse med Dialogkonferansen i 2016. Området vil også ligge bedre til rette for teknisk infrastruktur enn det foreslåtte område i Dialogkonferansen 2016.

Er det slik at dette kan spilles inn i forbindelse med kommuneplanen, eller hva tenker du?
Og hva er det eventuelt som kreves for at dette kan komme med i kommuneplanen? Dette er foreløpig ikke et offisielt innspill, men en uoffisiell forhåndsprat angående temaet.

Hører gjerne fra deg! :)

Med vennlig hilsen

Ole Erik Feragen


Bygg- og takstingeniør


Røros Takst AS

post@rorostakst.no

988 51 165

 **RØROS TAKST AS**





Kontorstad:
Norsk
Fjellmuseum

Lom Kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom

7. september 2021

Dykkar ref: 2021/708-21

Offentlege ettersyn og høyring – Kommuneplanens arealdel - Uttale frå Lom Fjellstyre.

Postadresse:
Brubakken 2,
2688 Lom

Syner til høyringsbrev av 30.08.2021 om offentlege ettersyn og høyring – kommuneplanens arealdel for Lom kommune. Lom fjellstyre behandla saka i møte 6. september og vedtok slik uttale:

«Lom fjellstyre syner til høyringsbrev med plandokument sendt 30. august og kjem med følgjande merknader til forslag om kommuneplanens arealdel 2021-2030 for Lom kommune.

Byggeområder for fritidshytter.

E-postadresse:
lom@
fjellstyrene.no

Lom fjellstyre er negative til forslaga om å omdisponere areal til byggeområder for fritidshytter i Vårdalen statsallmenning. Dette gjeld område BF01_f og BF05_f Nordsætrin, BF12_f Nåvårsætervangen og BF14_f Bjønnskardet.

Etablering av hytteområder så tett inn til eksisterande seter- og beiteområde vil kunne gje negative konsekvensar for bruksrettshavarane og andre brukarar av området. Ein ny arealbruk vil kunne bli irreversibel og bandlegge områda for annan framtidig bruk. Aktiviteten med seter- og beitebruk og forproduksjon i Tesseområdet er høg, og trass i stor nasjonal nedgang finn ein framleis åtte setrer med mjølkeproduksjon i dette området. Nordseter er den seterstulen i Lom som har flest setrer i drift med tradisjonell mjølkeproduksjon.

Telefon:
Dagleg leiar -
92893226

Det er allment kjent at fritidshytter og reiselivsverksemd kan gje konfliktar i forhold til bruksrettsutøving som seter- og beitebruk. Området i og rundt Nordseter har høg reiselivsaktivitet med Brimi fjellstugu, Brimi sæter og Brimi klatrepark tett ved. I nærområdet finn ein i tillegg to hyttefelt i saman med spreidde fritidsbustader og ei reiselivsverksemd. Bruken av området er allereie høg og det kan settast spørsmålsteikn om ei vidare utviding kan tålast.

Kontonr.:
2085.07.00053

Byggeområde BF01 og BF05 på Nordsetrene ligg på areal som i dag er definert som dyrkbar jord. For delar av arealet så ligg det inne søknader om dyrking, desse vil bli handsama i ei pågåande sak som vil avgjere om, og eventuelt kva, som blir frigjeve til dyrking. I samband med dette må det presiserast at det ikkje er nokon samanheng mellom eit eventuelt avslag om dyrking og løyve til hyttebygging. Begge desse areala

ligg i svært tett tilknytning til seterområdet på Nordseter og er av seterbrukerane framheva som trekkveg, beite- og kvileområde for beitedyr. Bruken- og verdien av beiteområdet i mellom Brimi Fjellstugu og Langmyra vart synleggjort i skjønssaka (skjønn etter fjellova) mellom seterbrukerane og gardbrukerar som søkte om tilleggsjord i dette området på 70- talet.

I konsekvensutgreiinga for område BF01_f Nordsætrin er det ein påstand om at beitetrykket ved Nordsetrene var mykje høgare før. Påstanden er grunngeve med at flybilete syner attgroing. Fjellstyret er ikkje samde, her må det takast inn variablar som vedhogst, klimaendring, type beitedyr m.m. Truleg er det slept minst like mange dyr på beite i dag som for 50 år sidan. Tal setrer som er i drift med mjølkeproduksjon har gått ned, men einingane er større. I tillegg til seterdyra er det mykje lausfe, både storfe og sau, som beiter med utgangspunkt i seterområda. Beitetrykket må sjåast i samheng med at annan aktivitet og bruk av områda er mykje større. Dei utmarksareala som står att, og som i tillegg er lite brukt til tur- og rekreasjonsområde, er svært viktige for beitedyra.

Når det gjeld BF12_f Nåvårsetervangen så syner fjellstyret til momenta nemnd tidlegare om dei negative konsekvensene med å legge byggeområder for fritidsbustader inntil eksisterande seter- og beiteområder. Her må det i tillegg gjerast grundigare vurderingar knytt til leveområde for elg- og vilttrekk. Fjellstyret meiner at konsekvensutgreiinga og kunnskapsgrunnlaget rundt dette er for svak. Mykje tydar på at store delar av vilttrekket i mellom Vågå og Lom skjer via denne korridoren. Områda rundt Nåvårsetermorka er truleg eit svært viktig vinterbeiteområde for den stedege elgen som oppheld seg i Smådalen og Tesseområdet somarstid, da beiteområda lenger aust er tungt belasta av trekkelg.

Fjellstyret vil framheve at kulturlandskapet i og rundt seterstulane ved Tesse er viktige rekreasjons- og tur områder for både lokale og tilreisande, og er av stor verdi for reiselivet i Lom. Å opne desse områda for hyttebygging vil opplevast privatiserande og negativt for mange av desse.

Fjellstyret meiner det kan settast spørsmålsteikn ved om dei foreslegne byggeområda er i tråd med nasjonale og regionale føringar og syner til «*Jordvernstrategien for Oppland*» der det framheva at det er ei utfordring å legge til rette slik at landbruket kan vidareføre drifta si, og at arealplanlegginga må syrgje for at landbruket får gode driftsforhold. Det er mellom anna sett som delmål at «*fritidsbustader skal lokaliserast utanom seterområda, i område der forhold til landbruk, kulturlandskap, kulturminne og natur- og friluftsiinteresser er avklara i overordna planprosess.*» Samstundes les vi i høyringsdokumenta for «*Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland*» at framleis slått og beite i seterområda er viktig for å halde oppe kvalitetane i landskapet.

Fjellstyret støttar vurderingane til administrasjonen om at BF13 Leirhø-Borgakampen ikkje er egna som byggeområde for fritidshytter.

Endring av arealbruksformål rundt reiselivsverksemder.

Fjellstyret meiner at definering av arealbruksformål «*fritids- og turistformål – eksisterande*» rundt eksisterande reiselivsverksemder må skje i samråd med Statskog SF og fjellstyret. Områda som er skissert i plankarta er til dels svært missvisande, m.a. for Memurubu der ei seter med seterkve har vorte definert med arealbruksformål

«fritids- og turistformål». Avgrensinga må vere i samsvar med eksisterande festekontrakter og annan arealbruk.

Ymse føresegner bygg og anlegg

Fjellstyret meiner at vindmøller er eit tiltak som skal være søknadspliktig og vurderast individuelt for kvart enkelt tilfelle, eventuelt gjennom ein reguleringsplan. Fleire av fritidshyttene på statsallmenning i Lom ligg over tregrensa, eller i tilknytning til seterområde. I desse områda bør omsyn til landskapet og kulturmiljø tilleggst vekt, ei vindmølle vil bli eit forstyrrende framandelement og eventuelle ulemper knytt til lydforurensing må utgreiast betre.

Fjellstyret er negative til ei auke i arealgrensa for fritidsbygningar frå 80m² BYA til 100m² BRA, ei betydelege auka i mønehøgde frå 4,5 til 6,5m/7,5m i saman med ei auke av høgde for grunnmur. Samla sett blir dette ei vesentleg auke i teoretisk bygningsmasse og vil i større grad kunne gje negative konsekvensar for landskapet og andre brukarinteresser i allmenninga. I LNF områder må det vere eit krav at vesentleg utviding av eksisterande fritidshytter skal behandlast som dispensasjonssak og at det må førast ein streng praksis for slike tiltak.

Område for råstoffutvinning

Fjellstyret meiner at det må presiserast at mindre masseuttak i samband med drift og vedlikehald av setervegar- og mindre veganlegg må kunne godkjennast etter dispensasjon og utan krav til reguleringsplan.

Tilsynsbuer, skogshusvære m.m. i LNF område.

Fjellstyret kan etter fjellova §35 føre opp naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenning, etter at tomt er utvist av Statskog. Dette føresett kommunal godkjenning i tillegg. Fjellstyret ynskjer at det blir presisert i planføresegnene at slike bygg kan førast opp med dispensasjon, utan krav om reguleringsplan.

Føresegner om turstigar og tilrettelegging for friluftsliv i LNFR område

Fjellstyret meiner det bør presiserast at all merking av turstigar og tilrettelegging for friluftsliv må skje i samråd og etter løyve frå grunneigar. Allmenningen har stor reiselivsaktivitet og svært mange besøkande. Merking og tilrettelegging kanaliserer og styrer ferdselen. Dette må skje med omsyn til naturen og vilt- og beitedyrsinteresser.

Område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø

Fjellstyret meiner at det i samband med omsynssone for verdifult kulturlandskap i Bøverdalen (H570_1) og omsynssoner for bevaring av kulturmiljø ved Tesse og Nordsetrene (H570:K1-K4) må presiserast at framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande for å halde ved like kvalitetane i landskapet, og syner til Riksantikvaren sitt framlegg om «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland». Det må tydeleggjerast at jordbruksaktivitet er ynskjeleg og sikrast at føresegnene ikkje bli brukt begrensande for jordbruksutøvinga.»

Med helsing

Lom Fjellstyre

Åsmund Galde
Sokr.

Vedlegg:

- Utskrift av møtebok. Sak 37/2021 i Lom Fjellstyre

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	37/2021	Arkiv nr.:	322	Møtedato:	06.09.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Høyrings sak. Revisjon av kommuneplanen sin arealdel for 2021-2030**Sakspapir:**

- Høyringsbrev av 30.08.2021 frå Lom kommune med vedlegg –framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2021-2030.

Saksutgreiing:

Med høyringsbrev av 30.08.2021 har Lom kommune varsla om offentleg høyring av framlegg til kommuneplanen sin arealdel.

Formannskapet i Lom kommune vedtok i møte 15. juni 2021, i sak 2021/39, at framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Lom skulle leggest ut til offentleg ettersyn og høyring, med frist til å kome med merknader innan den 9.9.2021. Fjellstyret fekk ikkje tilsendt fyrste høyringsbrev og har difor fått ny frist 30. september til å kome med merknader.

Revisjonen av kommuneplanen sin arealdel skal erstatte gjeldande plan frå 2003. Plandokumenta omfattar planomtale, planføresegner, konsekvensutgreiing, ROS-analyse, plankart og temakart.

Endringane som har innverknad for forvaltinga av statsallmenningane er mellom anna:

- Det vil etter søknad kunne gjevast løyve til vakumtoalett med avløp til tett tank på fritidseigedom.
- Det blir opna for å sette opp mindre antenner, vindmøller m.m. i tilknytning til bygg og anlegg.
- Forslag om fire nye byggeområde for fritidsbustader i Bjønnskardet, på Nordseter og på Nåvårseter.
- Auke i arealgrense og ny definering av areal for fritidshytter, både eksisterande og nye.
- Det blir gjeve løyve til inngjerding av fritidshytter.
- Det blir forbod mot flaggstang ved fritidsbustader
- Arealet kring eksisterande reiselivsverksemdar, skitrekk m.m. er omdisponert frå punktfeste i LNFR område og avsett med arealbruksformål «*fritids- og turistformål – eksisterande*».
- Nye føresegner for råstoffutvinning. Uklart vedrørande definering av seterveger og mogleg krav om reguleringsplan for nye områder for råstoffutvinning.
- Føresegner som regulerer oppføring av tilsynsbuer, skogshusvære m.m. i LNFR område. Krav om at det skal være fellestiltak knytt til tilsyn av beitedyr i vanskeleg tilgjengelege områder.
- Føresegner om turstigar og tilrettelegging for friluftsliv i LNFR område. Opnar for å merke eksisterande stigar i LNFR områda og at det etter søknad kan settast opp enkle installasjonar på inntil 10m².

Møtebok – Lom fjellstyre

- Oppretting av omsynssoner med føresegner for område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø. Omsynssone for verdifult kulturlandskap i Bøverdalen og omsynssoner for bevaring av kulturmiljø ved Tesse og Nordsetrene.

Fjellstyret si handsaming har vore varsla på fjellstyret sine heimesider.

Opplysningar og merknader:

Fjellstyret sitt mandat er gjeve i fjellova §3 som seier at fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenningen så langt ikkje anna er fastsett i eller i medhald av lov. Det skal arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsiinteressene.

I behandling av kommuneplanen sin arealdel må forslaga vurderast i forhold til dei interessene som fjellstyret skal ivareta, der bruksrett- og naturforvaltingsinteressene står sentralt.

Byggeområder for fritidshytter

Forslaga om omdisponering av areal til byggeområder for fritidshytter i Vårdalen statsallmenning er omfattande og inneheldt i alt fire ulike område :

- BF01_f Nordsætrin - 26 tomter.
- BF05_f Nordsætrin -10 tomter.
- BF12_f Nåvårsætervangen - 55 tomter.
- BF14_f Bjønnskardet- 48 tomter.

Områda er i dag avsett som landbruks-, natur- og friluftsområde, og ligg i eller ved sidan av eksisterande seter- og beiteområder. Ei eventuell omdisponering vil kunne gje negative konsekvensar for bruken av områda slik den er i dag, og ein ny arealbruk vil kunne bli irreversibelt og bandlegge områda for annan framtidig bruk. Aktiviteten med setring, beitebruk og forproduksjon i Tesseområdet er høg, og trass i stor nasjonal nedgang finn ein framleis 8 setrer med mjølkeproduksjon i dette området. Nordseter er den seterstulen i Lom som har flest setrer i drift med tradisjonell mjølkeproduksjon.

Allmenningsretten høyrer til dei eldste rettsinstitusjonane og strekkjer seg heilt attende til skrivne lover frå tusen- og ellevehundre talet. Denne retten definert gjennom «*alder tids bruk*» og er kjenneteikna med at det til gardsbruka i eit bygdelag er knytt bruksrettar, til dømes seter og beitebruk, til eit større utmarksområde. (allmenning). Rettigheitane «*skal kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva*» (fjellova, §2)

Seter- og beiteområda er ikkje tilfeldig plassert, men ligg i område der dei naturgjevne forholda gjev grunnlag for det. Omdisponering av areal i desse områda må vurderast nøye, det må takast omsyn til at bruk og behov kan endrast med tida og tilhøva.

Det er allment kjent at fritidshytter og reiselivsverksemd kan gje konflikhtar i forhold til bruksrettsutøving som seter- og beitebruk. Området i og rundt Nordseter har høg reiselivsaktivitet med Brimi fjellstugu, Brimi sæter og Brimi klatrepark tett ved. I nærområdet finn ein i tillegg to hyttefelt i saman med spreidde fritidsbustader og ei

Møtebok – Lom fjellstyre

reiselivsverksemd. Bruken av området er allereie høg og det kan settast spørsmålsteikn om ei vidare utviding kan tålast.

Byggeområde BF01 og BF05 på Nordsetrene ligg på areal som i dag er definert som dyrkbar jord. For delar av arealet så ligg det inne søknader om dyrking, desse vil bli handsame i ei pågåande sak som vil avgjere om, og eventuelt kva, som blir frigjeve til dyrking. I samband med dette må det presiserast at det ikkje er nokon samanheng mellom eit eventuelt avslag på dyrking og løyve til hyttebygging. Sjølv om det ikkje nødvendigvis er aktuelt å dyrke heile arealet i dag, kan det bli vurdert annleis av kommande generasjonar. Begge desse areala ligg i svært tett tilknytning til seterområdet på Nordseter og er framheva som trekkveg, beite- og kvileområde for beitedyr av fleire seterbrukarar. Bruken- og verdien av beiteområdet i mellom Brimi Fjellstugu og Langmyra vart synleggjort i skjønssaka (skjønn etter fjellova) mellom seterbrukarane og gardbrukarar som søkte om tilleggsjord i dette området på 70- talet, der beiteinteressene til seterbrukarane vann fram.

I konsekvensutgreiinga for område BF01_f Nordsætrin er det ein påstand om at beitetrykket ved Nordsetrene var mykje høgare før. Påstanden er grunngjeve med at flybilete syner attgroing. Dette resonnementet er for tunt, dette må sjåast i samanheng med variablar som vedhogst, klimaendring, type beitedyr m.m. Truleg er det slept minst like mange dyr på beite i dag som for 50 år sidan. Tal setrer som er i drift med mjølkeproduksjon har gått ned, men einingane er større. Lausfe, både storfe og sau, blir sluppe på beite med utgangspunkt i seter- og dyrkingsjordområda. Beitetrykket sjåast i samanheng med at annan aktivitet og bruk av områda er mykje større. Dei utmarksareala som står att, og som i tillegg er lite brukt til tur- og rekreasjonsområde, er svært viktige for beitedyra.

BF14_f Bjønnskardet vil være noko mindre konfliktfyllt sett i forhold til eventuell dyrking og beitebruk. Samstundes vil det gje auka tal hytter og auka aktivitet i området. Vilttrekket på nordsida av Tesse er truleg allereie sterkt redusert med bakgrunn i ymse utbygging i området frå før, men vil bli enda meir stengd med det planlagde feltet. Dette er truleg det området som gjev færrest negative konsekvensar av dei fire som er foreslått.

Når det gjeld BF12_f Nåvårsetervangen så synes det til momenta nemnd tidlegare om dei negative konsekvensene med å legge byggeområder for fritidsbustader inntil eksisterande seter- og beiteområder. I tillegg meiner sakshandsamar at det må gjerast grundigare vurderingar av leveområde for elg- og vilttrekk, og at konsekvensutgreiinga og kunnskapsgrunnlaget rundt dette er for svak. Bruken av trekkvegen på østsida av Tesse er vesentleg redusert dei siste åra, truleg er hyttebygging og annan aktivitet ein medverkande årsak til dette. Samstundes har vi hatt ein stor auke i observasjonar av elg på vestsida av Tesse. Mykje tydar på at store delar av vilttrekket i mellom Vågå og Lom skjer via denne korridoren. Områda rundt Nåvårsetermorka er truleg eit svært viktig vinterbeiteområde for den stedege elgen som oppheld seg i Smådalen og Tesseområdet sommarstid, da beiteområda lenger aust er tungt belasta av trekkelg.

Kulturlandskapet i og rundt seterstulane ved Tesse er viktige rekreasjons- og turområder for både lokale og tilreisande, og er av stor verdi for reiselivet i Lom. Å opne desse områda for hyttebygging vil opplevast privatiserande og negativt for mange av desse.

Møtebok – Lom fjellstyre

I planomtalen går det fram at det er eit politisk mål å tilrettelegge for fritidsbustader, at dette har aktualisert seg dei siste åra og at ein i planarbeidet har gått gjennom innspel som har kome knytt til hytteområde og vurdert kvar det kan vere praktisk mogleg å legge til rette for slik verksemd. I same planomtale er det i punkt 2.2.3 om nasjonale og regionale planer og føringar, opplista ymse planar og retningslinjer for kommunalt planarbeid. På fylkesnivå er det vedteke strategiar for kulturarv og jordvern, desse bør kanskje i større grad vere retningsgjevande for forslaga om byggeområde for fritidshytter i tett nærleik til eksisterande seterområder. I jordvernstrategien for Oppland er det framheva at det er ei utfordring å legge til rette slik at landbruket kan vidareføre drifta si og at arealplanlegginga må syrgje for at landbruket får gode driftsforhold. Det er mellom anna sett som delmål at *«fritidsbustader skal lokaliserast utanom seterområda, i område der forhold til landbruk, kulturlandskap, kulturminne og natur- og friluftsinteresser er avklara i overordna planprosess.»*

Fjellstyret skal arbeide for å sikre at allmenningen blir brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda, og hyttebygging vil heilt sikkert kunne gje noko auka aktivitet og positive ringverknader for delar av næringslivet i Lom. Omfanget av denne verdiskapinga er omdiskutert, og i kor stor grad ein vektar fordelane mot dei negative konsekvensane må avgjerast av fjellstyret sitt skjøn.

I tillegg til dei nemnde forslaga er det konsekvensutgreidd eit område BF13 Leirhøe-Borgakampen som ikkje er foreslege vidareført. Arealet ligg til dels eksponert over tregrensa, i eit område med krevjande grunnforhold å mykje fjell. I tillegg er dette ein sær god viltbiotop og eit attraktivt område for både småvilt- og storviltjakt. Litt lenger aust i Leirlia er eit tidlegare område avsett til hyttebygging teke ut av planen. Dette området er og prega av vanskelege grunnforhold og det har vore liten eller ingen interesse for å bygge ut dette i inneverande periode.

Endring av arealbruksformål rundt reiselivsverksemder.

I plankarta er det sett av areal med arealbruksformål *«fritids- og turistformål – eksisterande»* rundt eksisterande reiselivsverksemder. Desse er definerte etter punkt 3.6 i planføresegnene som byggeområde for fritids- og turistformål. Storparten av reiselivsverksemdene i statsallmenningane ligg i LNF område med punktbeste og har ikkje nødvendigvis vore arealfesta. Områda som er skissert i plankarta er til dels svært missvisande, m.a. for Memurubu der heile setra med seterkve har vorte definert som *«fritids- og turistformål»*. Dersom LNF områda rundt reiselivsbedriftene skal definierast til eit anna arealformål, må dette skje i samråd med Statskog SF og fjellstyret. Avgrensinga må vere i samsvar med eksisterande festekontrakter og annan arealbruk.

Ymse føresegner bygg og anlegg

Det er foreslege at det kan gjevast løyve til vakumtoalett med tett tank på fritidshytter med tilkomstveg. Mange av hyttene på statsallmenningane i Lom er utan innlagt vatn, strøm og tilkomstveg, eller med tilkomstveg som kanskje ikkje er dimensjonert for septikkbil. Eit slik tiltak vil vere eit praktisk alternativ til utedo, men det medfører auka spørsmål om å få tilrettelegge veg til hyttene.

Det blir opna for å sette opp mindre antenner, vindmøller m.m. i tilknytning til bygg og anlegg. Med ei høgde på intill 5 meter og ein rotordiameter intill 1,5 meter kan ei slik

Møtebok – Lom fjellstyre

vindmølle bli godt synleg ved sidan av ei fritidshytte. Av omsyn til andre hytteigerar og brukerar av områda bør det utgreiast i kor stor grad ei slik vindmølle vil avgje lyd. Fleire av fritidshyttene på statsallmenning i Lom ligg over tregrensa, eller i tilknytning til seterområde. I desse områda bør omsyn til landskapet tilleggas større vekt enn til dømes i skogsterreng. Dette eit tiltak som bør vere søknadspliktig og vurderast individuelt i kvart enkelt tilfelle.

Grense for bygningsareal på fritidshytter, og definering av dette arealet, er foreslege endra til 100m² BRA, opp frå 80m² BYA. I tillegg kan intill 30m² opparbeidast til overflateparkering. Dette er ei vesentleg endring som vil gjelde for både nye og eksisterande hytter. Det blir opna for ei maksimal grunnmurshøgde på inn til 1,5 meter i skrånande terreng og mønehøgde på inntil 6,5 meter. Vidare blir det opna for at ramloftbygningar kan godkjennast med byggjehøgde inntil 7.5 meter over gjennomsnittleg planert terreng. Altså ei vesentleg endring mot føresegnane om saltak og maksimal mønehøgde inntil 4,5 meter i planen frå 2003. Om inngjerding av fritidshytter, er det hovudsakleg foreslege same reglar som fjellstyret og Statskog SF er same om. Der det er ulikheit vil strengaste føring gjelde. Flaggstong blir ikkje tillate på tomter for fritidsbustader.

Tidlegare har Statskog SF handsama byggesaker i dialog og samråd med fjellstyret, der m.a. arealgrenser og ymse føringar har vore fastsett i fellesskap. Denne praksisen er nå endra, det er gjeldande kommuneplan/reguleringsplan i saman med plan og bygningsloven som er styrande. Statskog forhold seg til at tomtene er avsett og bortfesta til fritidsbustadsformål og byggesaker som ikkje treng dispensasjonbehandling frå kommunen blir ikkje teke opp til behandling.

Forslaget i planføresegnene vil saman med siste års endringar i plan- og bygningslovgjevinga kunne gje ein vesentleg utviding og standardheving for eksisterande hytter i allmenningane. Med såpass store endringar må ein og kunne forvente endra og/eller auka aktivitet og bruk. Samstundes vil hyttene med dette bli vesentleg meir dominerande i landskapet, ikkje minst for hyttene som ligg på snaufjellet eller i eit seter- og kulturlandskapsmiljø.

Område for råstoffutvinning

Alle grustaka som låg inne i kommunedelplan for sand, stein og grus frå 1997 er vidareført i saman med dei som det er laga reguleringsplan for. I tillegg er det sagt at «*masseuttak i samband med bygging og vedlikehald av landbruksveger kan behandlast etter landbruksvegforskrifta.*» Det bør presiserast at ein del av seterveganlegga må kunne definerast som landbruksveg i denne samanhengen.

Tilsynsbuer, skogshusvære m.m. i LNF område.

Det er foreslege at det ved oppføring av tilsynsbuer, skogshusvære m.m. i LNFR område blir stilt krav om at det skal være fellestiltak knytt til tilsyn av beitedyr i vanskeleg tilgjengelege områder. Fjellstyret kan etter fjellova § 35 føre opp naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenning, etter at tomt er utvist av Statskog. Det føresett kommunal godkjenning i tillegg. Det bør presiserast i planføresegnene at slike bygg kan førast opp med dispensasjon utan krav om reguleringsplan.

Møtebok – Lom fjellstyre

Føresegner om turstigar og tilrettelegging for friluftsliv i LNFR område

Det bør presiserast at all merking av turstigar og tilrettelegging for friluftsliv må skje i samråd med grunneigar. Allmenningen har stor reiselivsaktivitet og svært mange besøkande. Merking og tilrettelegging kanalisierer og styrer ferdselen. Dette må skje med omsyn til naturen og vilt- og beitedyrsinteresser.

Område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø

Det er oppretta omsynssone for verdifult kulturlandskap i Bøverdalen (H570_1) og omsynssoner for bevaring av kulturmiljø ved Tesse og Nordsetrene (H570:K1-K4)

Når det gjeld omsynssona for kulturlandskapet i Bøverdalen så dekkjer denne det meste av seterområda i Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Føresegnene skal legge til rette for at kulturlandskapet skal forvaltast slik at «*kulturminne og kulturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet vert oppretthalde som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleving, verdiskaping og friluftsliv.*»

Når det gjeld omsynssonane ved Tesse og Nordseter er det omsyn til kulturlandskap og bygningsvern rundt seterbygningane ved Nordseter og områda med automatisk freda kulturminne rundt Langmyre og ved Tessosen som er framheva.

Bakgrunnen for desse omsynssonene er truleg høyringsutkastet til «*Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland*» der Bøverdalen og Tesse/Smådalen er to av 16 føreslåtte områder. Bøverdalen er heva fram som ein sentral jordbruksdal i Nord-Gudbrandsdalen og Tesse og Smådalen er framheva som eit landskap som fortel ei historie om ekstensiv utnytting av utmarksressursar nær bygda over svært lang tid.

I utkastet er det framheva at framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande og viktig for å halde ved like kvalitetane i landskapet ved begge områda. Dette bør synleggjerast enda klarare i planføresegnene i kommuneplanen, slik at ein ikkje risikerer at omsynssonene sine føresegner er til hinder for landbruksutøvinga.

Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre syner til høyringsbrev med plandokument sendt 30. august og kjem med følgjande merknader til forslag om kommuneplanens arealdel 2021-2030 for Lom kommune.

Byggeområder for fritidshytter.

Lom fjellstyre er negative til forslaga om å omdisponere areal til byggeområder for fritidshytter i Vårdalen statsallmenning. Dette gjeld område BF01_f og BF05_f Nordsætrin, BF12_f Nåvårsætervangen og BF14_f Bjønnskardet.

Etablering av hytteområder så tett inn til eksisterande seter- og beiteområde vil kunne gje negative konsekvensar for bruksrettshavarane og andre brukarar av området. Ein ny arealbruk vil kunne bli irreversibel og bandlegge områda for annan framtidig bruk. Aktiviteten med seter- og beitebruk og forproduksjon i Tesseområdet er høg, og trass i stor nasjonal nedgang finn ein framleis åtte setrer med mjølkeproduksjon i dette området. Nordseter er den seterstulen i Lom som har flest setrer i drift med tradisjonell mjølkeproduksjon.

Møtebok – Lom fjellstyre

Det er allment kjent at fritidshytter og reiselivsverksemd kan gje konflikhtar i forhold til bruksrettsutøving som seter- og beitebruk. Området i og rundt Nordseter har høg reiselivsaktivitet med Brimi fjellstugu, Brimi sæter og Brimi klatrepark tett ved. I nærområdet finn ein i tillegg to hyttefelt i saman med spreidde fritidsbustader og ei reiselivsverksemd. Bruken av området er allereie høg og det kan settast spørsmålsteikn om ei vidare utviding kan tålast.

Byggeområde BF01 og BF05 på Nordsetrene ligg på areal som i dag er definert som dyrkbar jord. For delar av arealet så ligg det inne søknader om dyrking, desse vil bli handsama i ei pågåande sak som vil avgjere om, og eventuelt kva, som blir frigjeve til dyrking. I samband med dette må det presiserast at det ikkje er nokon samanheng mellom eit eventuelt avslag om dyrking og løyve til hyttebygging. Begge desse areala ligg i svært tett tilknytning til seterområdet på Nordseter og er av seterbrukerane framheva som trekkveg, beite- og kvileområde for beitedyr. Bruken- og verdien av beiteområdet i mellom Brimi Fjellstugu og Langmyra vart synleggjort i skjønssaka (skjønn etter fjellova) mellom seterbrukerane og gardbrukerar som søkte om tilleggsjord i dette området på 70- talet.

I konsekvensutgreiinga for område BF01_f Nordsætrin er det ein påstand om at beitetrykket ved Nordsetrene var mykje høgare før. Påstanden er grunngeve med at flybilete syner attgroing. Fjellstyret er ikkje samde, her må det takast inn variablar som vedhogst, klimaendring, type beitedyr m.m. Truleg er det slept minst like mange dyr på beite i dag som for 50 år sidan. Tal setrer som er i drift med mjølkeproduksjon har gått ned, men einingane er større. I tillegg til seterdyra er det mykje lausfe, både storfe og sau, som beiter med utgangspunkt i seterområda. Beitetrykket må sjåast i samanheng med at annan aktivitet og bruk av områda er mykje større. Dei utmarksareala som står att, og som i tillegg er lite brukt til tur- og rekreasjonsområde, er svært viktige for beitedyra.

Når det gjeld BF12_f Nåvårsetervangen så syner fjellstyret til momenta nemnd tidlegare om dei negative konsekvensene med å legge byggeområder for fritidsbustader inntil eksisterande seter- og beiteområder. Her må det i tillegg gjerast grundigare vurderingar knytt til leveområde for elg- og vilttrekk. Fjellstyret meiner at konsekvensutgreiinga og kunnskapsgrunnlaget rundt dette er for svak. Mykje tydar på at store delar av vilttrekket i mellom Vågå og Lom skjer via denne korridoren. Områda rundt Nåvårsetermorka er truleg eit svært viktig vinterbeiteområde for den stedegne elgen som oppheld seg i Smådalen og Tesseområdet somarstid, da beiteområda lenger aust er tungt belasta av trekkelg.

Fjellstyret vil framheve at kulturlandskapet i og rundt seterstulane ved Tesse er viktige rekreasjons- og tur områder for både lokale og tilreisande, og er av stor verdi for reiselivet i Lom. Å opne desse områda for hyttebygging vil opplevast privatiserande og negativt for mange av desse.

Fjellstyret meiner det kan settast spørsmålsteikn ved om dei foreslegne byggeområda er i tråd med nasjonale og regionale føringar og syner til «*Jordvernstrategien for Oppland*» der det framheva at det er ei utfordring å legge til rette slik at landbruket kan vidareføre drifta si, og at arealplanlegginga må syrgje for at landbruket får gode

Møtebok – Lom fjellstyre

driftsforhold. Det er mellom anna sett som delmål at «*fritidsbustader skal lokaliserast utanom seterområda, i område der forhold til landbruk, kulturlandskap, kulturminne og natur- og friluftsiinteresser er avklara i overordna planprosess.*» Samstundes les vi i høyringsdokumenta for «*Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland*» at framleis slått og beite i seterområda er viktig for å halde oppe kvalitetane i landskapet.

Fjellstyret støttar vurderingane til administrasjonen om at BF13 Leirhø-Borgakampen ikkje er egna som byggeområde for fritidshytter.

Endring av arealbruksformål rundt reiselivsverksemdar.

Fjellstyret meiner at definering av arealbruksformål «*fritids- og turistformål – eksisterande*» rundt eksisterande reiselivsverksemdar må skje i samråd med Statskog SF og fjellstyret. Områda som er skissert i plankarta er til dels svært missvisande, m.a. for Memurubu der ei seter med seterkve har vorte definert med arealbruksformål «*fritids- og turistformål*». Avgrensinga må vere i samsvar med eksisterande festekontrakter og annan arealbruk.

Ymse føresegner bygg og anlegg

Fjellstyret meiner at vindmøller er eit tiltak som skal vere søknadspliktig og vurderast individuelt for kvart enkelt tilfelle, eventuelt gjennom ein reguleringsplan. Fleire av fritidshyttene på statsallmenning i Lom ligg over tregrensa, eller i tilknytning til seterområde. I desse områda bør omsyn til landskapet og kulturmiljø tillegkast vekt, ei vindmølle vil bli eit forstyrrende framandelement og eventuelle ulemper knytt til lydforurensing må utgreiast betre.

Fjellstyret er negative til ei auke i arealgrensa for fritidsbygningar frå 80m² BYA til 100m² BRA, ei betydelege auka i mønehøgde frå 4,5 til 6,5m/7,5m i saman med ei auke av høgde for grunnmur. Samla sett blir dette ei vesentleg auke i teoretisk bygningsmasse og vil i større grad kunne gje negative konsekvensar for landskapet og andre brukarinteresser i allmenninga. I LNF områder må det vere eit krav at vesentleg utviding av eksisterande fritidshytter skal behandlast som dispensasjonssak og at det må førast ein streng praksis for slike tiltak.

Område for råstoffutvinning

Fjellstyret meiner at det må presiserast at mindre masseuttak i samband med drift og vedlikehald av setervegar- og mindre veganlegg må kunne godkjennast etter dispensasjon og utan krav til reguleringsplan.

Tilsynsbuer, skogshusvære m.m. i LNF område.

Fjellstyret kan etter fjellova §35 føre opp naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenning, etter at tomt er utvist av Statskog. Dette føresett kommunal godkjenning i tillegg. Fjellstyret ynskjer at det blir presisert i planføresegnene at slike bygg kan førast opp med dispensasjon, utan krav om reguleringsplan.

Føresegner om turstigar og tilrettelegging for friluftsliv i LNFR område

Fjellstyret meiner det bør presiserast at all merking av turstigar og tilrettelegging for friluftsliv må skje i samråd og etter løyve frå grunneigar. Allmenningen har stor

Møtebok – Lom fjellstyre

reiselivsaktivitet og svært mange besøkende. Merking og tilrettelegging kanalisierer og styrer ferdselen. Dette må skje med omsyn til naturen og vilt- og beitedyrsinteresser.

Område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø

Fjellstyret meiner at det i samband med omsynssone for verdifult kulturlandskap i Bøverdalen (H570_1) og omsynssoner for bevaring av kulturmiljø ved Tesse og Nordsetrene (H570:K1-K4) må presiserast at framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande for å halde ved like kvalitetane i landskapet, og syner til Riksantikvaren sitt framlegg om «*Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse for Oppland*». Det må tydeleggjerast at jordbruksaktivitet er ynskjeleg og sikrast at føresegnene ikkje bli brukt begrensande for jordbruksutøvinga.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom kommune – som e-post
- Statskog SF – som e-post

Saksnummer 2021/708 - Merknad til arealdelen i kommuneplanen.

Til forslaga om tilrettelegging for bygging av fritidshytter.

Eg vil sterkt åtvare mot den foreslegne tilrettelegginga for bygging av fritidshytter i tilknytning til seterområda på Nordseter og Nåvårseter i Vårdalen statsallmenning. Meir tilrettelegging for bruk av desse område til turist- og fritidsformål vil medverke til ein sterk auke av konfliktnivået mellom jordbruksinteressene og dei som brukar området til fritidsaktivitetar og rekreasjon, jmf. reportasjar i lokalavisene om beitetvistar og gjerdehald m.m. i hytteområde i Gudbrandsdalen.

Det er ikkje tilfeldig kvar seterområda våre er etablerte. Dette byggjer på århundre lange erfaringar, der både geografisk avstand, jordsmonn og klimatiske tilhøve har vore avgjerande faktorar for plasseringa. Ei auka utbygging til fritids- og turistformål tett inntil setrene både på Nordseter og Nåvårseter, vil på sikt vera avgrensande, og i verste fall øydeleggjande, for den framtidige seterdrifta og jordbruksinteressene her. Dei to siste generasjonane har det vore ein sterk nedgang i seterdrifta. På baa dei to nemnte seterstulane er det likevel ennå aktiv seterdrift, og det er ikkje usannsynleg at bruken av setrene generelt kan ta seg opp att. Ikkje minst har den siste tida synt at uføreutsette ting og hendingar kan forårsake både raske omstillingar og nye prioriteringar i levesettet vårt. Ei bygging av fritidshytter vil vera irreversibel. Det vil derfor vera eit stort tap og feil bruk av ressursane i fjellet, dersom delar av dei best eigna områda skal bli omdisponert til andre formål enn jordbruksinteressene. Det bør tvert i mot vera eit mål å hegne om seterstulane og kulturlandskapet seterdrifta har skapt, ikkje nødvendigvis ved meir oppdyrking, men fortsett bruk av utmarksressursane til beite. Dette er også i tråd med nasjonale og regionale føringar for tilrettelegging for fritidsbustader.

Plasseringa av det foreslegne hytteområdet ved Nåvårseter er også særst uheldig for viltinteressene. Dette er ein mykje brukt korridor spesielt for elgen på trekk mellom skogsområda i Vågå og areala i Lom. Tidlegare gjekk truleg hovudtrekket mellom Vågå og Lom ved Tessosen og i Gjesingmorka. Men etter hyttebygginga som har skjedd her, og med den attgroinga vi har fått dei siste 20-30 åra på sørsida av Tesse, har trekket ved Nåvårseter og på sørsida av Tesse auka.

Lom har ført ein streng politikk med omsyn til bygging av fritidshytter. Mi erfaring er at dette er forhold tilreisande turistar set umåteleg stor pris på, og trekkjer fram som spesielt verdifullt for områda våre. Kommunen vil som reiselivsdestinasjon på sikt vera best tent med i størst mogleg grad unngå bygging av fritidshytter eller andre omfattande tilretteleggings-tiltak i fjellet. Villmarksprege og urørt natur er etterspurt av ei stor gruppe. Dette er mangelvare, og få andre kommunar kan marknadsføre slike område vi har her.

Merknadene byggjer på kunnskap og erfaringar eg har fått, og synspunkt eg har danna meg etter 33 års arbeid med forvaltning av statsallmenningen.

Lom, den 7.9.2021

Odd Repp

Øyvind Angard
Flatmovegen 347
2686 Lom

Lom 6.september 2021

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom

Innspel til kommuneplanens arealdel i Lom – 2021-2030

I høve at revisjonen av kommuneplanens arealdel nå ligg ute til høyring, sender vi inn denne uttalen til planforslaget.

Då Liv og eg i 2006 starta opp med byggeplanane våre, og seinare fekk løyve til frådelling av tomt på nåverande gnr 90 Bnr 3, hadde vi ein prosess på å få gjennomslag for dette. I 2007 fekk vi løyve til frådelling til denne tomta.

Ein av grunnane til at vi bygde oss hus her, var at vi ynskte å bu slik til at vi ikkje hadde bolighus i nærheit til eigedomen. Vi er på ingen måte "folkestygge", og set pris på nærleiken til naboane våre i Flatmogrenda, men dersom vi kunne tenkt oss å bu i byggefelt, med tettare nærheit til naboar hadde vi nok busett oss nettopp i byggefelt.

Med dagens 3 hus som både står og som er under oppføring i nemnte områder, er avstanden desse imellom såpass "luftig" at dette ikkje er noko problem. Dersom det blir slik at tomtene blir lagt nærmare enn dagens plassering og med direkte innsyn så vil det bli forringa kvalitet ved å bu slik til som vi nå gjer.

Vurdering av konsekvens:

Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge:

Her er det nemt i revisjonen at: "Det går ikkje stigar i området, og arealet har liten verdi for friluftsliv og leikeområde"

Legg ved skjermdump frå Høydedata og Lidarskanning, som viser både den gamle Kvamsvegen, samt andre stigar/gamle skogsdråger som er i nemnte området.



Gamle kvamsvegen er faktisk mykje brukt som turveg for oss som bur i området, både i Flatmogrenda, folk frå byggefeltet i Hamrom og folk som bur rundt Måsåmyra. I tillegg blir den nytta av gardbrukarar når dei passerar her med beitedyr.

Da Liv og eg fekk løyve til å bygge her, var eitt av vilkåra i sak 20/2007 at:

"Den gamle vegen som går gjennom området skal bevarast og oppretthaldast som turveg open for allmenn ferdsel."

I området sør og aust for der vi bur har også viltet faste trekkveger, dette gjeld spesielt rådyr, elg og hjort, og det er ikkje uvanleg at dette området vert nytta under ordinær jakttid.

Når ein bur slik til, så er faktisk skogen eitt av områda som barn og unge (og også vaksne) kan boltre seg i, slik at det blir feil å si at området har liten verdi for friluftsliv og leikeområde for oss som bur i lia. Naturen og skogen har ein eigenverdi som rekreasjonsområde, og friluftsliv blir drive her.

Til slutt: Ein av grunnane til at vi valde å busette oss her lengst aust i Flatmogrenda, var at vi ynskte å bu fritt til utan for tett avstand til naboar. At ein kan klare å finne 1-2 tomter til, som ikkje blir i direkte innsyn til dei eksisterande boligane, kan kanskje vera mogleg. Vi meiner at det som er nemnt over må takast omsyn til under det vidare arbeidet.

Med helsing Kari Ramen og Hans Slålien

 Liv og Øyvind Angard

Fra: Sylfest Ødegård[sylfesto@hotmail.com]
Sendt: 08.09.2021 11:36:20
Til: Postmottak Lom kommune[post@lom.kommune.no]
Tittel: Uttale sak nr: 2021/708 arealdel kommunaplan.

Dette er ei uttale frå meg som privatperson men og som aktiv setereigar på Nordsetra ved Tesse.

Ser i planforslaget at kommuna har sett og vurdert fleire aktuelle områder for bygging av fritidsbustader. Vi har slik det er i dag stor aktivitet både innafor turistverksemd og primærnæringa landbruk. Vi har slik det er i dag lite konflikt i området. Men eg ser det slik at opning av nye områder til fritidsbustader og eller utviding av eksisterande hotell eller turistversemder , vil vi passere eit ballansepunkt. Om kommuna gå for den framlagde plan må primærnæringa med mjølkeproduksjon i sæterområdet vurdere å legge ned. Kommuna gjev da signal om at hotell og turistverksemd har prioritet. Kommuna har demed forlatt ei tidlegare haldning om restrektiv haldning til hyttebygging i fjellet. Dette vil stå skarp kontrast til all mediaomtale i somar. Der hyttebygging i fjellet eller hyttebygging generelt ikkje har kome godt ut. Eg meiner kommuna må ha ein ikkjepolitikk på det området. Hotellverksemdene må heretter utvikle sine produkt innafor dei rammene dei har og ikkje satse på stadigt nye «landåm». Vi må sjå alt dette i ein større samfunnsdebatt eit større bilde, der fokuset no blir meir og meir på miljø. Så meiner eg at kommuna må få kartlagt meir grundig og fagleg dei områda som kan vera dyrkingsjord. Og at dei areala som kommuna da har, kan gå inn i ein slags dyrkingsjordkonto-bank. For å ha denne for framtida. Og at nydyrking i fjellet bør vente til tida endra seg og krev ein større matproduksjon og eller kostnadene endrar seg.

Turistane etterspør opplevingar det har Lom kommune vore flinke på å utvikle, dette må dei fortsette med.

Så skal oss som innbyggjarar i kommuna gjera vårt for at turistane skal få ei god oppleving her og koma att.

Eg håpar at kommunepolitikarane våre tenkjer nøye igjennom den plan dei no skal vedta, denne plan skal vera rettningsgjevande for mange år framover.

Mh
Sylfest Ødegård

Sendt fra [E-post](#) for Windows



Lom kommune
Midtgard
2686 LOM

Dato: 08.09.2021
Vår ref: 15/00217-7
Deres ref: 2021/708-12

Fråsegn til høring og offentlig ettersyn av revisjon for kommuneplanens arealdel 2021-2030 for Lom kommune

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 7. juli 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnyttning av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnyttning.

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, heiter det at Noreg har store mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre at mineralførekomstar som kan vere aktuelle framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn.

Mineraluttak har lang tidshorisont, og det er behov for meir føreseielege rammer for investeringar, uttak og opprydding. Uttak av byggjeråstoff (pukk, grus, sand) til bygge- og anleggsføremål med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp er viktig. God arealplanlegging kan medverke til det. I tillegg er det viktig å gjenvinne mineralske massar av god kvalitet som byggjeråstoff, der det er mogleg. Det kan redusere presset på bynære grus- og pukkressursar og behovet for massetransport. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere eit nyttig verkemiddel for å avklare dette.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige mineralførekomstar i planane sine og veg utvinning opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Tilgangen til, og lagringa av, byggjeråstoff må sjåast i eit regionalt perspektiv.



Om planen

Lom kommune har lagt ut forslag til revisjon av arealdel for kommunen til høyring og offentlig ettersyn. Planen skal erstatte gjeldande arealdel frå 2003. Kommuneplanens arealdel skal fortel korleis en skal nytte areala for å nå måla som er satt i samfunnsdelen, og avklare om gjeldande arealbruk skal bli vidareført eller om det skal omdisponerast areal til anna bruk. Det skal også settast føresegn for korleis arealbruken skal gå for seg.

Planprogram for revisjon vart vedteke 30. juni 2015, og omfatta revisjon av samfunnsdel og arealdel. Vinteren 2021 er arbeidet teke opp att, og innspel frå tidlegare arbeid er teke inn.

Fråsegn til planen

Lom kommune har teke inn mange områder for råstoffutvinning i forslag til ny arealdel. Det er ikkje føreslått nye arealføremål, men eit areal (M109) er teke inn frå i kommunedelplan for Nordsætrin, vedteken i 2009.

Under fråsegn merka 3.7 er det lista opp at kommunen fører vidare 43 område med arealbruksformål råstoffutvinning – eksisterande. 14 av desse områda har godkjent reguleringsplan. I tillegg har Lom kommune registrert 29 mindre, eksisterande uttak utan reguleringsplan. Disse er godkjent gjennom kommunedelplan for sand, stein og grus i Lom av 1997. Av desse opplyser kommunen at 7 er masseuttak i vatn og 7 uttak i fast fjell/steinbrot, og at dei fleste har til formål uttak av stein for vassdragsforbygging. Massetak av sand- og grus opplyst at for det meste er til husbehov og vedlikehald av eit enkelt veganlegg (oftast setervegar).

Det er føreslått føresegn som tek vare på forhold til minerallova sine kriteria knytt til størrelse på uttak. Videre står;

«Masseutak i samband med bygging og vedlikehald av landbruksvegar kan behandlast etter landbruksvegforskrifta.»

DMF gjer her oppmerksom på at krav etter anna lovverk kjem i tillegg til krav etter minerallova. Krav til melding og/eller konsesjon gjeld også for alle utvidingar av eksisterande uttak.

Av dei konsekvensutgreidde byggeområda er det berre eit område, BF12 – Nåvårsetervangen, som viser konflikt med ein grusressurs av lokal verdi¹, og området er registrert til å ha stort potensiale som grunnvassressurs. Uttaksområdet ligg tett ved eit tidlegare uttak. DMF har ikkje ytterlegare merknadar til KU.

Sjå også vår rettleiing «*Krav og hensyn til fysiske omgivelser ved forvaltning og bruk av mineralressurser*»: <https://dirmin.no/regelverk/veiledere>

¹ NGU sin grusdatabase;

https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Omrade_fakta_KS.Main?p_objid=75691&p_spraak=N



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Håvard Hammerstad
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Håvard Hammerstad

Mottakarakar:
Lom kommune

Midtgard

2686 LOM

Kopi til:

Innspill til «Offentleg høyring: Kommuneplanens arealdel for Lom 2021-2030» fra eier av GBnr.7/16 i Garmo

Lom kommune foreslår grunnnerverv av 3 dekar fulldyrket mark fra vår landbrukseiendom for opparbeiding av større parkeringsplass ved Garmo kirke. Dette blir en parkeringsplass på nærmere 3,7 dekar, og da lurer vi på om det blir en av de største parkeringsplasser ved kirker her i landet, sett i forhold til størrelsen på kirken. Over dobbel så stor som parkeringsplassen ved Lom Stavkirke. Fyller vi opp parkeringen, vil nok behovet for større kirke dukke opp også.

Lovverket rundt nedbygging av fulldyrket mark regner vi med at kommunen har kompetanse rundt. Det at kommunen påstår at området ikke er fulldyrket er faktafeil i utredningen. Her har det vært dyrket i veldig mange tiår, i tidligere tider sto det hesjer her for tørking av høy. Noen kvadrat inneholder murer fra tidligere redskapshus/ ly for kyrne som beiter her utover høsten. Dette er tenkt restaurert, men grunnnervervet som foreligger inkluderer også dette. Det er planer om å sette opp garasje i forbindelse med bolighuset, men dette vil ikke bli mulig hvis kommunen erverver tenkte areal. Hvis kommunen erverver dette, skiller en kårboligen fra hovedbølet.

Noen av utfordringene ved en etablering av parkeringsplass på det tiltenkte området, som for øvrig er 75% av eiendommen til GBnr 7/16, kan nevnes: Det er påvist betydelige grunnvannressurser i området, dette kan merkes ved bolighuset og oppsatte steinmurer på oversiden av huset. Ved brøyting kan oppsamling av smeltevann forsterke utfordringene og press på murene. Dette begrunnes ved at det er veldig brattlendt terreng. Allerede i dag er det problemer med forsøpling (inkl. avføring og ikke minst blekkbokser og flasker) på området. Dette vil bli forsterket når det etableres et areal som egner seg for bl.a. campingbiler. Campingbilene vil da kunne parkeres på et platå over (høyere) bolighuset, noe som vil være veldig forstyrrende og sikkert noe støyende og med direkte innsyn til bl.a. veranda på huset. Det er nedgravd slange med vatningsvann (fra vatningsanlegg) til Frisvold nedre på dette arealet.

Vår oppfatning er at mye kunne vært gjort mer med eksisterende areal for å utnytte dette bedre. Det er bl.a. plantet hekk langt fra gjerdet på dagens parkeringsplass, dette kunne utgjøre en rekke med parkeringsplasser. Observasjoner vinterstid er at det er dårlig brøytet langs veien. Dette kan også utgjøre mange parkeringsplasser, osv.

Eksisterende areal til vei og parkering er tildelt fra vår eiendom tidligere, så vår eiendom har blitt rammet av fradeling til samme formål tidligere. At det er behov for ytterligere parkering i en fraflyttingstruet bygd, klarer vi ikke helt å se.

Vi henviser også til tidligere skriv til kommunen i denne sammenhengen, hvor vi bl.a. skriver:

Arealet rundt kirken er enten fulldyrket, eller benyttes til beite. Dagens bruk av dette arealet vurderer vi som bedre utnyttelse, enn muligheten til å parkere ved kirken ved større arrangementer. Dyrket mark er ikke av interesse å bygge ned i dette området. Beitearealet har fått et miljøaspekt, med sjeldne blomster, i tillegg til at Leite er spesiell for oss.

Før veien fikk en oppgradering, og ble lagt om, var det vanskelige forhold vinterstid. Det var bratt og glatt. Nå ligger det mye bedre til rette til å kjøre frem til kirkeporten for eldre og funksjonshemmede. Å regne med parkering for alle like ved kirkeporten, ved større anledninger, er etter vår mening vanskelig å tilfredstille ved de fleste kirker, det må påregnes å kunne gå noen skritt.

Det er ikke vår oppgave og finne alternative løsninger for ytterligere forbedring av parkeringsforholdene for besøkende til kirken, men det kan nevnes at det ikke er bare vår eigedom i dette området, noe som dere naturligvis er kjent med. Området i begynnelsen av Kyrkjevegen er dårlig utnyttet, og som lett kan gjøres noe med. Vi oppfatter at jo flere biler som kjører opp til kirken, så øker risikoen for ulykke også. De som har gått kirkeveien før og etter besøk ved kirken kjenner seg nok igjen i den litt trange/ekle følelsen med mange bil som triller forbi.

Media skriver om en uttalelse frå Lom kyrkjele råd, om at parkeringsforholdene ved Garmo kirke er spesielt farlige, denne fremstillingen reagerer vi litt på. Alle områder det ferdes med bil, og spesielt på parkeringsplasser, er per definisjon farlige. Vårt råd i den sammenhengen er at brøyting i området må gjøres skikkelig, og at færrest mulig biler skal kjøre opp Kyrkjevegen.

Vi opplever at det er langt mellom de store behovene for mye parkering ved kirken nå, og har ikke tro på at dette er et økende fenomen. Det er på bakgrunn i det som nevnes over, ikke behov for befaring i området i forbindelse med noe salg av eiendom til kommunen. Forøvrig er vi bortreist på begge de foreslåtte datoer.

Vi håper på forståelse for dette.

Vi lurer litt på begrunnelsen for det økende behovet for parkering ved kirken. Er det en økning i besøkstallene som ligger til grunn? Parkeringsbehovet ved Lom Stavkirke skal dekke behovet for både kirke, turisttrafikk og andre lokale behov. Dette behovet har ikke parkeringen ved Garmo kirke. Det hadde vært greit og fått en oversikt over statistikken for besøkende de siste årene, antall begravelser, gudstjenester og arrangementer, osv. Uansett bør man se på om eksisterende areal kan utnyttes bedre.

Under vises et gammelt fotografi av Garmo kirke og Leite tatt av fotograf Wilse fra en tid det ikke var biler, lurer på hvordan de kom seg til kirken da? Stallen var plassert nede ved dagens riksvei 15.



Hilsen
Marit og Geir

Amund Bruøygard, Oddrun og Gudbrand Mo og Marit og Lars Åmot
Setereigarar på Nåvårseter

Garmo 5. september 2021

Lom Kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom

Svar på offentlig høyring om revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom Kommune 2021-2030

Vi er alle tre setereigarar på Nåvårseter ved Tesse med seterrett, bruksrett og allmenningsrett i området. To av oss; Mo og Åmot, driv aktiv setring med mjølkeproduksjon. Bruøygard driv med ammekyr og Mo har i tillegg sau. Vi har området rundt Nåvårseter som beiteområde, med naturleg utgangspunkt i våre setrer.

Som vi ser i kommuneplanen sin arealdel ynskjer Lom kommune å leggje ut eit stort område for bygging av fritidsbustadar tett inntil setrene våre. Dette vil i sterk grad øydeleggje vårt beiteområde og ta frå oss grunnlaget for å ha våre gardsbruk som levebrød. Nede i Vårdalen har vi ikkje utmarksbeite eller områder som er store nok til at våre dyr kan gå der heile sommaren, og vi er heilt avhengige av beiteområdet vårt på Nåvårseter. Dette beiteområdet er av områda med mest beitedyr i heile Lom og av dei få mjølkeprodusentane som setrar i Lom, er to av dei på Nåvårseter. Arealdeplan har fleire områder i Lom kommune som har vore innspelte som ynskte hytteområder. Vi ser med forundring på at for fleire av desse, har plankontoret konkludert med at det grunna landbruksinteresser og utmarksbeite ikkje er eigna til fritidsbustadar. Dette er i desse tilfella sjølv sagt heilt korrekt, men plankontoret sin konklusjon er annleis på Nåvårseter. Ein konklusjon som er feil.

Vi godtek ikkje at Lom kommune vil ta i bruk beiteområdet vårt til bygging av fritidsbustadarr og dermed øydeleggje våre beiteressursar. I lokalpressa, særleg *Gudbrandsdølen Dagingen*, har vi i sommar og haust lese om store hytte- og beitekonfliktar i Gudbrandsdalen. Vi vil absolutt ikkje bruke energi på å forsvare vår rett som beitebrukarar på Nåvårseter mot hyttefolk som har sau og kyr tett inntil hytteveggane sine.

I tillegg til at Nåvårseter er eit viktig beiteområde, er dette området og viktig på andre felt. I mai sende Riksantikvaren ut høyringsutkastet «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Oppland, Innlandet fylke». Høyringsutkastet frå Riksantikvaren viser til at seterområda er viktige, og at det i områder der det ikkje lenger er setring og beiteområda har gått ut av bruk, gror seterlandskapet att. Men i områda der det framleis er aktiv setring og beiting blir bygningar og landskap tekne vare på på ein heilt annan måte (KULA Oppland: 10). Vi finn det merkeleg at Lom kommune ikkje har nemnt Riksantikvaren si høyring i arealdelplanen, sidan kommunen fekk denne to månadar før arealdelplanen vart sendt ut.

KULA-rapporten for Oppland har fleire konkrete område som er nemnt, og eitt av dei er Tesse og Smådalen, under tittelen «Bygdenært utmarklandskap». Her blir det vist til den rike historia til området, med steinalderlokalitetar, fangstanlegg, jernvinneanlegg, graver og spor etter beite- og seterdrift. Setrane ved Tesse og fiskeressursane i vatnet har tradisjonelt vore viktig for gardane i Vårdalen. Ifølgje rapporten fortel landskapet rundt Tesse ei historie om ekstensiv utnytting av utmarksressursar nær bygda over svært lang tid. I tillegg understrekar Riksantikvaren at landskapet er sårbart for ny hyttebusetnad og inngrep i dei tradisjonelle seterområda, som også er sårbare for attgroing. At KULA-området bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone med særleg omsyn til landskap, blir utheva i slutten av delkapittelet (KULA i Oppland 40ff). Ifølgje Riksantikvaren er vårt beiteområde eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. At Lom kommune da har

planar om eit hyttefelt med 50-60 hytter på Nåvårseter vitnar om særst lite kunnskap om området og om historisk kunnskapslausheit når det gjeld historia til våre forfedrar som brukte Tesseområdet som ei viktig matkjelde for å overleva. Seterbrukarane på Nåvårseter er og avhengige av sitt beiteområde for at gardsdrifta skal kunne overleve, og dette er noko kommunen bør prioritere.

Vi ber om at Lom kommune vedtek at område BF12 Nåvårsetervangen går ut av arealdelplan som eit område for fritidsbustadar og held fram som eit beiteområde som i dag.

Amund Bruøygaard





Kjelder



Riksantikvaren; «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland, Innlandet»

<https://www.riksantikvaren.no/hovringsutkast-kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-i-oppland-innlandet/> Lesedato 05.09.2021.

Oddrun og Gudbrand Mo

Marit og Lars Åmot

Svar til planforslag - GSV02: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Ekre til Skjåk grense – fra gnr/bnr 75/2 - Nørstneshågå

Først så vil vi si at vi i utgangspunktet er positive til en gang og sykkelvei langs riksveien. Vi opplever det som trafikkfarlig å ferdes langs riksveien til fots eller på sykkel.

På den andre siden så sitter vi igjen med veldig mange spørsmål til planforslaget og konsekvensutgreiingen. Vi syntes informasjonen i forkant til oss som blir direkte påvirket er altfor dårlig. Bygging av en gang og sykkelvei på nedsiden av riksveien vil i veldig stor grad påvirke oss. Tilfeldigvis på ble vi gjort oppmerksom på at vi måtte inn på kommunens sider for å lese dette forslaget. Under følger 13 punkter med kommentarer og spørsmål.

1. Vi syntes det er veldig rart at vi ikke har fått dette skriftlig.
2. Vi lurer på dimensjonene på veien. Hvor bred er veien? Hvor bred blir grøfta mellom riksveien og GSV. Vi antar at det må fylles mye masse for å sikre stabilitet – så totalt hvor mye av tomta kan vi anta at må benyttes?
3. Det går to bekker fra Lomseggen og under riksveien. Begge bekkene blir meget store under vårløsningen.
 - a. Den «søndre» går under innkjøringen, og videre under/nært redskapshuset.
 - b. Den «nørdre» går på grensen mot Nørstnes. Her ligger vanningsanlegget. Dette må det tas høyde for under bygging av ny GSV.
4. Vi har brønn på oversiden av riksveien, med vannrør under riksveien inn til huset. Dette røret er vi ikke helt sikre på hvor ligger. Dette må det tas høyde for under bygging av GSV.
5. Vi har en borebrønn ved siden av stabburet som kan komme i konflikt med en ny GSV.
6. Vi har en innkjøring/utkjøring til riksveien som er ganske bratt. Det kan være utfordrende å kjøre opp på riksveien vinterstid. Med en GSV i tillegg, så antar vi at denne utkjøringen blir så godt som ubrukelig. Hvordan vil dette bli løst?
7. Vi har fått innlagt fiber. Denne ligger som et luftstrek fra innkjøringen og ned til huset. Ved bygging av en GSV, så vil høyden opp til fiberkabelen bli for lav. Her må det eventuelt graves, eller strekkes kabel på nytt.
8. Mot riksveien står det mange store bjørketrær. Disse fungerer som både skjerming mot innsyn, trafikkstøy og vær og vind. Disse bjørketrærne må felles for å anlegge GSV. Sandåevinden kan være ganske brutal.
9. Ved svingen på «nordsiden» av tomta har det tidligere vært flere trafikkuhell og avkjøringer. Her er det viktig å sikre de myke trafikantene ekstra noe som vil medføre enda større inngrep på tomta.
10. Tett opp mot riksveien står det 4 bygninger: Stabbur, vedskjul, et gammelt verksted og et ildhus.
 - a. For å komme opp til disse bygningene så kjører vi på oversiden av stabburet og opp på «haugen». Ved bygging av en GSV, så har vi (sannsynligvis) ikke lenger mulighet til å komme frem til disse bygningene med kjøretøy.
 - b. Eldre stabbur – vi er usikre på om grunnmuren vil tåle bygging av en GSV på oversiden.
 - c. Vedskjul – Her er inngangen på oversiden mot riksveien. Ved bygging av GSV, så vil ikke bygget lengre være tilgjengelig. Hvordan blir dette løst?
 - d. Gammelt verksted – Dette antar vi at må rives.

e. Ildhus

11. Vi har robotgressklipper. Her må kabelen legges på nytt. Hvordan blir dette løst?
12. Dieseltank/hus – Rett nedenfor innkjøringen ligger det en nedgravd dieseltank med pumpehus. Hvordan blir dette løst?
13. Dyrket mark bak redskapshus. Dette er en lite areal med dyrket mark. Her er det ganske bratt opp mot riksveien. Ved bygging av en GSV med fylling så blir det trolig ikke mye igjen av dette arealet. I praksis så antar vi at det ikke vil være noe igjen av dette arealet.

Hilsen

Mariann Skjedsvoll og Torgeir Verlo Olsen

Fra: Hallgeir Vang[halleproff@gmail.com]
Sendt: 08.09.2021 23:10:27
Til: Postmottak Lom kommune;Hans Jørgen Bøye;Trond
Elda[post@lom.kommune.no;hjboye@gmail.com;post@trondelda.no]
Tittel: Revisjon av kommuneplanens arealdel - saksnummer 2021/708

Finndalsvegen SA har disse innspela til arealdelen:

Vi har dei siste åra merka auke i biltrafikken innover Finndalen. I tillegg til meir styrtregn og lange perioder med turke, slit dette på vegen og det må oftare gjerast mindre og større vedlikehaldsarbeid.

Derfor ber vi om:

- å få utvide arealet for uttak frå gruva vest/nord for Measæterøya.
- at stein som blir att etter harping av massa kan takast vare på for bruk til forebygging langs Finna.
- at det kan leggjast ein del grus frå uttaket av Lauvsanden i den nedlagde grugruva nedanfor Klympen.

Dette til bruk og lette arbeide med mindre vedlikehald av vegen gjennom sommaren.

08.09.21

for Finndalsvegen
Hallgeir Vang
Leiar

Fra: Odd Egil Øyen[oeoeyen@online.no]

Sendt: 08.09.2021 23:49:32

Til: Postmottak Lom kommune[post@lom.kommune.no]

Tittel: Offentleg høyring og ettersyn: Revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom

Hei,

Jeg viser til mottatte dokumenter om revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom.

Vilttrekket i dette området vil bli svært skadelidende med de planer som er framlagt. Dette gjelder særlig elg, hjort og rådyr som er veldig aktive «brukere» av hele området mellom Lia og øvre del av Vårdalen/Grafferskogen.

Jeg er også av den oppfatning avkjøringen som er tegnet inn på kartet og trafikken til området blir veldig ødeleggende for vilttrekket.

Dessuten vil en avkjøring slik den er planlagt føre til en mer trafikkfarlig veistrekning enn den allerede er i dag, og vil føre til mye støy for husstandene i det nærliggende område.

Hvorfor ikke benytte seg av den allerede eksisterende avkjørsel som i sin tid ble bygget for næringsformål (Pelsdyrfarmen). Det er fullt mulig å få til en trafiksikker og god avkjørsel der den er i dag.

Ber om at mine uttaler til planen som her er nevnt blir tatt hensyn til i den videre planlegging.

Med hilsen

Odd Egil Øyen

Høringsutalelse saksnr : 2021/708.

Lom. 7.9.2021

Lom Bondelag har valt og komme med følgande uttales i saken.

Vedrørende etablering av nye tileigna areal for fritidseigedommar i beiteområde/ setergrender ser bondelaget ein del negative konsekvensar rundt dette.

Landbruksnæringa i Lom har i all tid vert knytt opp mot aktivt bruk av fjellareal. Ser ein Lom frå lufta er det ein smal grøn strek med dalbotn og busetting, mens fjellarealet er det som fyller opp kartet. – Det gamle ordtaket «Vi bur i bygden, men lev av fjellet» er realiteten for ein stor del av dei som tuftar levebrødet sitt på matproduksjon.

Sætring og beitebruk er sjølve grunnlaget for mange.

Etablerer ein område for høgstandard fritidsbustader vil dette garantert føre til konflikhtar. Vi har mange eksempel der hyttefelt har ført til sort hovudbry for grunneigarar som før har nytta arealet som beiter for husdyr. Aktive setrar med produksjon av mjølk kan også oppleve utfordringar i form av avgrensa bruk av areal knytt opp mot eksisterande driftsopplegg. Å legge opp til enda større trafikk på allereie hardt belasta vegnett er og ei utfordring. For mange produsentar går det allereie i dag med mykje tid for å snigle seg fram langs smale vegar i turistsesongen for å få utført all jobb som skal gjennom ila ein dag .

Videre konsekvensar er at ringverknader på sikt kan føre til redusert beite og seterdrift. At kvar enkelt matprodusent skal måtte gå sommarsesongen i møte med vissheit om konflikhtar gjeldande turistar som kjem til fjells for å få ro, samt at vi skal nytte våre ressursar til å skape oss eit levebrød kan være hardt for mange. Lukt, støy og anna aktivitet frå innhausting kan også bli eit problem. Er værforholda der, så går maskiner for «full musikk» natt og dag for å berge fôringa som skal nyttast gjennom vinteren.

Å sette slike tiltak ut i live er irreversibelt, ein får ikkje att moglegheita til å nytte areala til matproduksjon att.

Med stadige strukturendringar i jordbruket kan vi om få år ha eit mykje større fokus på beitebruk enn mange har i dag. Klimafaktoren er også gjeldande.

Med så store utfordringar med og produsere nok grovfôr nede i bygda, kan ein ikkje stenge moglegheitene for å nytte enda meir fjellet enn det blir gjort i dag.

Vi ber om at eventuelle planer leggast opp på ein slik måte at landbruket ikkje taper ressursar, vi har allereie utfordringar frå før.

Lom er ei aktiv landbruksbygd. Slik er det, og slikt skal det fortsetta!

Styret i Lom Bondelag.

Offentleg høyring og ettersyn:

Revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom kommune 2021-2030.

Uttale frå Gaute E. Helland, Lom 9. september 2021.

5.1.2 Fritidsbustader, BF01-05_f:

Generelt: Ei attgrodd sæterekve, eit beiteområde der lauvskogen veks opp, kan ryddast for framtidig bruk. Det gjeld ikkje for eit hytteområde. Kommuneplanen skal gjelde for mange år, og samfunnsutviklinga vil truleg bli meir prega av uventa hendingar.

Tesse-området

I planforslaget er det sett opp 5 område med tilsaman 169 fritidsbustader/hytter med arealbruk 607,2 da. Av desse er 139 tomter i eller ved Tesse med tilsaman 515.8 da.

Det er i planutkastet ikkje godt nok vurdert den samla verknaden dette vil ha på miljø og landbruk i området. 139 hytter vil føre med seg stor trafikk, både i utbyggingstida og etter, med moderne friluftsliv av mange slag. Ein lyt og rekne med at mange av hyttene vil vera fritidsbustad for hundar.

Tesse, med sæterområda Nordsætre og Nåvårsætre, er i landbruket og i kulturhistoria viktige område både for Lom og for Norge som nasjon. Området er er ein stor rersurs både i dagens landbruk og i ei framtid med aukande krav til sjølvforsyning, og dermed krav til restaurering og oppattnying av det tradisjonelle landbruket som har prega Lom og liknande bygder i generasjonar. I tillegg kan ein vise til det aukande konfliktnivået mange stader, også i Gudbrandsdalen. Dette gjeld både arealbruk og arealutnytting, konflikt beitebruk og moderne friluftsliv, og ny og kravfull forståing av allemannsretten. Denne aukande interessekonflikta, mellom tradisjonell, lokal bruk og moderne, «urban» naturbruk, lyt vurderast mykje meir inngåande før politisk behandling av plandokumentet. Vindmøller i tilknytning til enkelthytter er til ulempe for fugle- og dyreliv, og verknaden på beitedyr er uviss.

Lunnarplassen-Hardbakkjen, BF08_f:

Dette området 30 tomter 39, 4 da ligg inntil den gamle Meadalsvegen, sæterveg både for Svartlia, Solhell, Foss og Smådalen. Og brukt som tilsynsveg og til beitebruk for sætrane på Meadalen. Veggen er og eit kulturhistorisk minnesmerke om bruk i fortid og nåtid.

I dag er veggen og brukt som drifteveg for storfe i dei nemnde sæterområda. Fleire buskapar i Lia går over Liabrua, opp Meadalen etter den gamle veggen og vidare til Smådalen. Om hausten er dette veggen heim for alle buskapane i sæterområda. Eit hyttefelt, både i utbyggingstida og ved seinare bruk, med vegar og annan infrastruktur, vil gjera den tradisjonelle husdyrdrifta vanskeleg. I planutkastet er veggen nemnt som turveg, den årlege drifteveggen er ikkje nemnt, og dette bør vurderast før politisk behandling. Den kulturhistoriske verdien, og Meadalen som eit nåtidig, og serleg framtidig beiteområde, er berre nemnt i liten grad.

5.4.1: LNFR basert på gardens resursgrunnlag (PBL 11-7, nr. 5a).

Tilsynsbuer, skogshusvere og liknande landbruksbygg under 15 m² er i dag berre meldepliktige etter oppføring. Dette kan opne for små bygg i utmark utan klar næringsmessig funksjon. Eit tydeleg og behovsretta regelverk med meldeplikt før igangsetjing, bør koma på plass i ein ny arealplan.

5.2: Samferdselsanlegg:

Sætervegar og vegar elles i utmark, som t.d. veggen Solhell-Foss-Smådalen, eller t.d. vegar til vedlikehald av vassvegar, lyt kunna haldast ved like til ein tenleg og brukbar standard, i dei fleste tilfelle på dagens nivå.

Tamrein: Det bør ikkje vera inngrep av vesentleg art i, eller i randsona, til dagens konsesjonsområde.

Meadalen Utmarkslag
Ved styret
Flatmovegen 99
2686 LOM

Lom kommune
Øyvind Pedersen
postmottak@lom.kommune.no

Høyring av kommuneplanens arealdel – sak 20217708-17

Lom 8. 9.21

Styret i Meadalen Utmarkslag gjekk gjennom kommuneplanen sin arealdel som no er til høyring på styremøte den 2. September, og ynskjer å koma med nokre innspel. Vi undrar oss også over at vi ikkje stod på den opprinnelege lista over dei som fekk planen tilsendt

Vi har berre sett på det som gjeld området på Meadalen.

Felt BF08_f ligg i arealplanen med 30 tomter samla i eitt felt. Dette er eit område med fleire interesser som vi meiner vil kunne bli ei konflikt med eit komande hyttefelt. For det fyste så er Meadalen etter det vi har fått opplyst den dalen i Lom med flest beitedyr. Det er både ammeky, mjølkeky og sau som beiter i området heile sommaren. Sjølv om det er beskrive at hyttene skal kunne gjerdast inn, så er det ikkje heldig å stengje av eit område for beitedyra våre. Vi veit frå andre plassar både i Innlandet og andre plassar at det er store konflikter mellom hytteeigarar og gardbrukarar, og at det faktisk har ført til at folk har lagt ned gardane sine..

Lom kommune har heile tida vore opptekne av å ha varme senger, noko som er bakgrunnen for at det er bygd opp mange reiselivsbedrifter i Lom. Dette er noko vi skal vera stolte av, og som gjev viktige skattepengar til kommunen, både direkte og indirekte. At det blir bygd fleire private hytter, vil truleg føre til tilbyd av overnatting via Airbnb osv ,noko som fort blir konkurranse med eksisterande bedrifter. Reiseliv og landbruk er dei viktigaste næringane vi har, og det er viktig at Lom kommune legg til rette for at baa desse næringane skal klare seg bra, og utan at dei skal gå i konflikt med kvarandre.

Det er heller ikkje vinterbrøytt veg på Meadalen. Dei siste åra har det i samarbeid med Soleggen fjellstue vore brøytt dit stort sett kvart år. Dersom det er vintrar dei ikkje har ope og trong for veg, er det ikke økonomisk forsvarleg å halde open vegen til Soleggen. Dette er eit moment som er viktig å ta med i vurderinga. Folk vil truleg forvente ein veg når dei har kjøpt seg hytte, men kven betale for at den blir halde open?

Hyttefelt er uvanleg i naturen som er i Lom, og vi ser det som langt viktigare å ta vare på kulturlandskapet enn å byggje ned fine turområde. Gammelvegen på Meadalen er både mykje brukt som turområde, bærområde og er ferdselsvegen for mange av oss på tur til og frå fjellbeite frå heime med dyra.

Andre felt på Meadalen

Vi har også sett på dei andre tomtene som har vore foreslått rundt Meadalen, der det er prat om eit par enkelthytter, men som ikkje er krysssa foreslått i planen. Vi vel å sjå på desse samla. Vi ser det som mindre konfliktfylt med nokre få spredte hytter, enn eit hyttefelt. Det vil også krevja langt mindre infrastruktur enn eit hyttefelt. Dersom det skulle bli aktuelt med enkelthytter, er det viktig å få ned i kontrakter at beitedyra har sterkaste retten. Små gjerder rundt hyttene bør vera lovleg. Det gjer det mindre konfliktfylt.

Det bør vera meir sentrumsnære tomter å finne til hyttebygging i Lom, i staden for å byggje ned dei viktige beiteområda våre. Landbruk er ei svært viktig næring i Lom, og det vil vera svært uheldig om Lom kommune ikkje legg til rette for at det framleis skal vera minst like bra å vera bonde, og å ta vare på kulturlandskapet vårt.

For styret i Meadalen Utmarkslag

Ragnhild Sjugard

Fra: Geir Marstein[liameinn@yahoo.no]
Sendt: 09.09.2021 22:20:26
Til: Postmottak Lom kommune[post@lom.kommune.no]
Tittel: Offentleg høyring. Kommunens arealplan 2021-2030

Saka gjeld forslag om planlagte tomter i Lia. Er i utgangspunktet positiv til forslaget, men det går mange gamle veger i det planlagte området. Desse må ikkje øydelegjest eller sperrest. Dette er ikkje lovleg.

Vil også påpeike at sperregjerdet ikkje er nokon grunn til ikkje gjerde inn eigedommen, og da må det være grunder som er lette kome gjennom får gående på stigen/vegane. Det hender seg at husdyr kjem over sperregjerdet og skal derfor ikkje by på konflikt, for dette er ikkje utmarksgjerde og beiteretten er også nedenfor sperregjerdet.

Mvh. Geir Marstein

[Sendt fra Yahoo Mail på Android](#)

Uttale til kommuneplanen sin arealdel saksnr. 2021/708

Kjell Brandsar

Sygdard Synstnes

Gang- og sykkelveg Nissegarden-Ekre GSV01

- Det er rasfare på strekninga. Forbi rasområdet ved Knutstugugrove må ein ha rasoverbygg om ein skal føre gang- og sykkelveg forbi her. Det er ikkje mogleg å legge opp til at ein skal få ei større auke av gåande og syklande utan det.
- Nedbygging av matjord. Areal like vest for innkøyringa til Ekre blir så godt som borte. Elles rart at det er liten negativ konsekvens ved nedbygging av matjord i konsekvensutgreiinga.
- Flytting av kyr over riksvegen til beite blir meir utfordrande med større bredde.

Gang- og sykkelveg Ekre-Skjåk grense GSV02

- Flytting av gjødselkummer. Kummane er vanskeleg å flytte utan å øydelegge dei. Korleis vil ein i praksis gjere dette? Vil ein få byggegrense på 50 meter frå riksveg når ein set opp at kummane? Her må ein nok investere i nye kummer om ein må ta dei ned.
- Flytting av kyr over riksvegen til beite blir meir utfordrande med større bredde.
- Overgang over grov må mest sannsynleg flyttast.
- Septikkum nedanfor vegen kan kome i konflikt med gang- og sykkelvegen. Det er stålrør berre under vegen til denne. Den må bli forlenga.
- Slange under vegen til vatning vil kome i konflikt med gang- og sykkelvegen.
- Rør til flytting av gjødsel frå fjøs til kummane går under vegen. Koplinga er like nedanfor vegen.
- Korleis har ein tenkt overgangen frå den eine sida av vegen til den andre? Er det mogleg å ha 70 km/t her?
- Det har vore ein del utforkøyringar nedanfor vegen på mitt areal. Blir gang- og sykkelvegen sikra?
- I konsekvensutgreiinga står dette under vurdering:
«Gang- og sykkelvegstrekinga GSV02 er rekna å medføre nedbygging av om lag 6,4 daa dyrka mark og innmarksbeite, og det vil ikkje medføre vesentleg dårlegare arrondering og tilkomst til landbruksareala. Ein reknar derfor skadeverknadane for landbruket som akseptable vurdert i forhold til betringa av trafikksikkerleiken.»
Har ein sett detaljert på arrondering og tilkomst? Er dette noko grunneigarane kunne ha vore med på? 6,4 daa dyrka mark og innmarksbeite som blir nedbygd er akseptable skadeverknadar? Eg er generelt imot nedbygging av matjord. Med ei verd i endring, må ein prøve å ta vare på all jord ein kan dyrke mat på.

Generelt både strekningane

- Korleis er CO2 rekneskapet ved ei slik utbygging saman med brøyting/strøing om vinteren?
- Vanskeleg å utvide rv15 om det blir gang- og sykkelveg på både sider av vegen.
- Grunneigarane har ikkje fått informasjon kring kva spesifikke konsekvensar gang- og sykkelvegen har å seie for dei. T.d. kor brei gang- og sykkelvegen blir. Korleis blir skjeringane? Korleis blir tilkomsten?
- Vi på desse strekningane står ikkje på lista over grunneigarar som blir påverka av arealplanen. Kvifor ikkje?

Uttale til høyringsbrev om forslag til kommuneplanen sin arealdel 2021-2030

Eg syner til høyringsbrev med plandokument og kjem i den forbindelse med følgjande uttale på vegne av alle dei undertegna. Desse representerer dei fleste sætereigarane og beitebrukarane på Nordseter.

Forslaga om omdisponering av areal til byggeområder for fritidshytter i Vårdalen statsallmenning er omfattande og inneheldt fire ulike områder: *BF01_Nordsætrin*, *BF05_Nordsætrin*, *BF12_fNåvårsætervangen*, *BF14_f Bjønnskardet*. Desse areala er i dag avsett som LNF-område og ligg alle i umiddelbar nærleik til det mest aktive sæter,- og beiteområdet i Lom kommune.

Ressursane i og rundt Tesse har heilt sidan yngre steinalder vore viktig for busetnad. Dette ser ein av alle historiske funn både når det gjeld buplassar rundt fiskevatnet, dei omfattande fangstanlegga i fjella rundt, av det godt etablerte kulturlandskapet, og av all den nedtegna historia som er knytt til Tesse og områda rundt. Ressursbruken strekk seg heilt fram til i dag og vil mest sannsynleg også vera viktig i framtida. Bruken av desse verdiane er i dag nøye regulert gjennom Allmenningsretten, Fjellova og Sæterforskrifta. Dette for å få ein god ressursforvaltning både for nåtid og framtid. Vårdalen statsallmenning med tilhøyrande bruksrettar omfattar blant anna områda på Nordsæter og Nåvårsæter, Desse rettane er lovfesta i Allmenningsretten som går heilt atthende til skrivne lovar frå tusentalet. Landbruket og matproduksjonen har endra seg drastisk dei siste tiåra og verdien av slike ressursar er kanskje ikkje like tydelege i dag som for eksempel 50 år sidan. Det vil ikkje dermed si at dei ikkje er viktige eller at verdien er dalande. I eit historisk perspektiv er det berre eit vindkast sidan desse rettane var livsgrunlaget til folk og eg meiner vi bør ha det i mente når vi i nåtid driv areal,-og ressursforvaltning, som for eksempel i planarbeid i kommunen. Vi meiner vi har eit ansvar for å uttøve ei bærekraftig arealutvikling og ressursforvaltning som ivaretek ressursgrunlaget vårt for framtidige generasjonar,- ingen kan nemleg spå korleis samfunnet vårt og behova våre er om 50 eller 100 år. Dessuten er bruken av beite og forressurser sterkare nå enn nokon gong. Talet på dyr på beite i Tesseområdet er minst like høg i dag som for 50-100 år sidan og forproduksjonen er også meir omfattande nå enn før.

Reiselivsaktiviteten på og rundt Nordsetra har auka betrakteleg dei siste åra gjennom Brimi fjellstugu, Brimi klatrepark og Brimisæter. Det er ei kjent sak at seter/beitebruk og reiselivsverksemd ikkje nødvendigvis går hand i hand, men det skal seiast at reiselivsaktiviteten hittil har vore på eit tåleleg nivå. Vi vil også understreka at alle dei underteikna meiner at reiselivsaktiviteten i området er triveleg og at begge næringane kan dra nytte av kvarandre. Når det er sagt så ser vi nå at denne aktiviteten byrjar å overstige eit nivå som påverkar bruksutøvelsen for oss som sætereigarar og beitebrukarar. Bruken av området er høg både med tanke på dyr på beite, fleire aktive sætrer, mykje turistar og ikkje minst biltrafikk. Dyra på utmarksbeite blir forstyrra ,vegane blir hardt belasta og forsøplinga aukar. Vi meiner at for at vi skal kunne fortsetja å drive aktiv sætring og utmarksbeiting så må aktivitetsnivået haldast slik det er i dag. Tanken på at det i tillegg er planlagt større hyttefelt i umiddelbar nærleik er bekymringsverdig! Vi meiner det er positivt med næringsutvikling innan turisme, men ikkje når det går på bekostning av sæterdrifta, beitebruk og generell

ressursforvaltning. Kulturlandskapet rundt Tesse er jo eit direkte resultat av aktiv sæter-og beitebruk gjennom mange hundre år. Det er dette som er særpreget for området og som er ein viktig årsak til at så mange veljer å bruke dette som rekreasjons-og turområde. Det ville difor vore paradoksalt om seterdrifta bukkar under for rekreasjonsaktivitet.

I den foreslåtte arealplanen er det som sagt lagt inn tre områder for hyttebygging i Nordseterområdet: BF01, BF05, BF14. Det er i konsekvensutgreingane og i øvrige plandokument vurdert kvar det er mest hensiktsmessig å leggje hyttefelt. Vi meiner at det i utgangspunktet ikkje burde være ein lokaliseringdebatt om kvar på Nordsetra ein vil ha hyttebygging, men heller ein meir generell debatt om kva vi vil med dei etablerte sæterområda våre og kva som vil være ein bærekraftig areal-og ressursforvaltning for nåtid og framtid.

Sjølv om vi håpar på ein meir generell debatt,-kan vi nevne ulike faktorar som påvirkar desse områda. Felles for både område BF01 og BF02 er at det er registrert som dyrkbar mark. I Jordlova står det i § 9. *Bruk av dyrka og dyrkbar jord: Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert til jordbruksproduksjon i framtida. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon.* Vi meiner at å bandleggje dyrkbar jord med hyttebygging ikkje er foreineleg med punktet om at det kan føras atthende til jordbruksproduksjon.

I konsekvensutgreinga frå 2018 blei det konkludert med at «...det i oversynleg framtid vil vera liten interesse for oppdyrking av området». Vidare blir det sagt at dyrkingsutfordringar og behovet for å byggje vatningsanlegg...»*gjer oppdyrking og drift av dyrka areal her både kostnadskrevjande og arbeidsintensivt, og er difor lite sannsynleg*». Vi stiller oss undrande til korleis saksbehandlar den gongen kan konkludere med at det er liten interesse for dyrking når vi som bruksberettiga og aktørar innan næringa ikkje har vorte inkluderte i fyrste omgang. Og om nydyrking er utfordrande og kostnadskrevjande så er ikkje det synonymt med at det er lite sannsynleg. Det er allerieie etablert vatningsanlegg på dyrkingsparsellane langs Tesse og det vil ikkje vera noko problem og forlenge dette. Utstyret ein treng for å dyrke har(etter at jorda her vart kartlagt som dyrkbar fyrst på 80-talet) utvikla seg og vil fortsetja og utvikle seg i dyrkar sin favør. Om dette området ikkje blir dyrka i dag, veit vi ikkje korleis behovet blir i åra framover når det gjeld både behov for nydyrking, utvising av fleire sætrer og beitebruk. Vi stiller oss også uforståande til kvifor desse områda ligg inne som hytteområde i planforslaget når saken om dyrking enda ikkje er avgjort.

Når det gjeld område BF14, er storparten av innlagte areal registrert som produktiv skog. Dette området er det einaste med produktiv skog på sørsida av Otta elv og har vore aktivt brukt for å ta ut trevirke og blir framleis brukt til dette. Bruken er ein av

allmenningsrettane i Vårdalen statsallmenning og bør forvaltast som skog- og beiteområde for framtida.

Stortinget har vedteke landbrukspolitiske mål som skal vera retningsgjevande for korleis vi utøver og utviklar landbruksnæringa og matproduksjon. Desse er mellom anna:

-auka matproduksjon med intensjon om auka sjølforsyning basert på norske ressursar.

-landbruk over heile landet.

-å ha både små og store driftseiningar.

-lønnsomheten i norsk landbruk må styrkes.

-bærekraftig bruk og et sterkt vern av landbrukets areal (jordvern) og ressursgrunnlag.

Eit av FNs bærekraftsmål er å « *Innen 2030 oppnå ei bærekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar....* ».

På bakgrunn av dette resonnement og med dei nevnte overordna måla og lovverket, meiner vi at BF01, BF05 og BF14 skal takast ut av planen. Vi meiner at det i dette området må vera landbruksinteressane som skal ligge til grunn i forvaltninga og planlegginga av arealane, ikkje hyttebygging.

Mvh

Svanhild Lyngved Solheim,- på vegne av:

Vegard Haugen

Sylfest Ødegård

Tove Mørk Reiershen

Torstein Frisvold

Åsne Dalåmo

Oda Evy Øyen

Geir Ole Lyngved

Lom Kommune

Sognefjellsvegen 6

2686 LOM

Saksnummer 2021/708

Vi viser til offentlig høyring og ettersyn i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel for Lom kommune 2021-2030. Vår uttale kjem i samband med utbygging av fritidsbustadar i område BF13 Leirhøe-Borgakampen. Dette er ikkje med i endeleg planforslag. Vi finn det likevel rett å kome med innspel her sidan vi har beiterett på Bøverkinnhalsen.

Området på Bøverkinnhalsen strekker seg over eit større areal enn BF13. Heile området ligg relativt høgt. Arealet i plan BF13 er nemnt å ligge på 850-1155 m.o.h. i konsekvensutgreiinga, og det er derfor eit sårbart område både med omsyn til inngrep og av omsyn til bruk. Vi har hatt ansvar for drifta av garden i 33 år og har i den tida hatt dyr på utmarksbeite i området. Dei før oss likeeins. Sidan det er som beiterettshavarar vi skal uttale oss her prøver vi å halde oss innanfor det temaet.

I det avgrensa området vi har beiterett har det vorte bygd mange hytter rundt Bøvertjønna, noko som har vore med å forringe beiteområdet. I tillegg går riksveg 55 gjennom området med aukande trafikk. Dette påverkar naturleg nok dyra og beitinga i området. I tillegg ligg Jotunheimen Fjellhotell i beiteområdet. Alt dette er med å forstyrre beitinga, og å redusere disponibelt beiteareal.

Dei siste åra har vi hatt fleire somrar med lite nedbør. Vi nemner da spesielt 2018, men også i år har det kome svært lite nedbør i området på Bøverkinnhalsen. Vi har aldri sett det så tørt i området som i år. Dyra innrettar seg etter dette, og kvar dei går i området avheng av kvar dei finn mat. Spesielt i sommar har dei trekt mot myrområda der det vanlegvis er for rått. Det er spesielt å sjå kor stor endring det er i slike område når nedbøren uteblir slik som i år. Vi nemner dette for å framheve at det er ikkje nok å sjå på eit år for å finne ut kvar i beiteområdet dyra går. Det er fleire moment som avgjer dette. Nedbør og temperatur er to av dei.

Fjellbeite har stor verdi for husdyrhaldet i Lom, og dyra tek opp ein ikkje ubetydeleg del av førtrongen sin her. Det er med å utvide næringsgrunnlaget på gardane som nyttar utmarksbeite.

I den tida vi nå er inne i har det vorte fokus på berekraft. Dette er noko vi må rekne med vil ha stor innverknad på retningsliner for matproduksjonen framover. Det vi ser nå er at stuttreist kjøtt produsert på utmarksbeite er noko som blir omtala som berekraftig (bl.a. av Gunhild Stordalen i Eat i intervju i Nationen tidlegare i haust). Vi tenkjer at dette er viktige signal i ei tid i endring. Det er også forska på at fjellbeite gjev ei betre feittsyresamansetninga i mjølk. Og at denne mjølka gjev høgare innhald av viktige antioksidantar. Studier tyder også på at ein finn liknande effekt på kjøtt.

Beiting har også positiv verknad på artsmangfaldet av planter i fjellet. Vi er kjent med at det finst fleire raudlista planteartar på Bøverkinnhalsen.

Det er viktig å tenkje nøye over at utbygging av fritidsbustad i fjellområde ikkje er reversibelt. Og at det også er med å redusere allemannsretten i naturen.

Lom, 15.09.2021

Erik Visdal og Synnøve Aukrust

LOM KOMMUNE
Sognefjellsvegen 6
2686 LOM

Vår ref.
21/5526- 6

Deres ref.

Vår dato
17.09.2021

Vår saksbehandler
Hilde Hammer
951 08 854, hha@statskog.no

Høring Statskog - Revisjon av kommuneplanens arealdel i Lom kommune

Viser til deres referanse sak 2021/708, om revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom kommune 2021-2030.

Statskog synes det er ryddig å gjennomføre en full revisjon av kommuneplanens arealdel. Vi har ikke merknader til de offentligrettslige forhold, vi vil imidlertid påpeke at det kan være privatrettslige forhold som setter andre krev og vilkår.

Nedenfor vil vi kommentere noen tema.

Hyttefelt:

Vi registrerer at det legges fram forslag om flere nye hyttefelt innenfor statsallmenningene i Lom. På dette tidspunkt har ikke Statskog kommentarer til områder avsatt til fritidsbolig. Dersom områdene blir tatt inn i kommuneplanen vil Statskog sammen med fjellstyre på et sene tidspunkt ta en vurdering om utbygging skal realiseres.

Turisthytter:

Turisthytter som i matrikkelen er registrert som punktfeste er i planen lagt inn som arealfigur som «fritids- og turistformål». Statskog er i utgangspunktet positive til overgangen fra punkt- til arealfeste, da dette er med på å definere arealgrensen til den enkelte virksomhet. Områdene som er skissert i plankartet er til dels misvisende for flere virksomheter. Det ble tidligere opprettet dialog mellom Lom kommune og Statskog for å definere arealfigurer rundt turisthytter. Dersom turisthyttene skal defineres med arealfigurer må dette skje samarbeid med Statskog og fjellstyre.

Vann- og avløpsanlegg:

Vann- og avløpsanlegg krever tillatelse fra grunneier. Statskog vil kunne sette krav om definering av tomtens areal ved oppmåling.

Ved forespørsel om vann- og avløpsanlegg i eksisterende hyttefelt med lavstandard, bør det kreves reguleringsplan.

Vindmøller:

Statskog er betenkt angående å åpne for små vindmøller med tanke på estetikk, fjernvirkning og sikkerhetsaspekt, samt vilt- og fugleliv.

Oppføring av vindmøller krever grunneiers tillatelse. Skal installasjonen plasseres frittstående fra bebyggelsen på tomte, vil Statskog kunne kreve definering av tomtens areal ved oppmåling.

Oppmåling:

Statskog ber Lom kommune etablere en enkel behandling for å gjøre om tomter fra punktfeste til arealfeste. Dette vil med fordel avgrense den enkelte tomt sin arealbruk gjennom fastsatte grenser.

Sti og løyper mm.:

Ved etablering av nye eller reetablering og tiltak i stier, skiløyper mm., mener Statskog kommunen bør etablere sti- og løypeplan.

Gjerde:

Inngjerding krever grunneiers tillatelse. De foreslåtte gjerdereglene er så godt som identiske med retningslinjer for gjerde som Statskog og Lom fjellstyre nylig har etablert for statsallmenningene i Lom. Her vil de strengeste føringene gjelde.

Med hilsen

Hilde Hammer
eiendomskonsulent

Dette dokumentet er elektronisk signert

Vedlegg: 0

Kopi til:

LOM FJELLSTYRE (FJELLKASSA)

Brubakken 2

2686

LOM

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom

Deres ref:
Vår ref: 2021/140627
Dato: 14.09.2021
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

MATTILSYNETS UTTALESE - KOMMUNEPLANENS AREALDEL FOR LOM 2021-2030

Vi viser til høringsbrev av 07.07.2021 med tilhørende dokumenter.

Mattilsynet er statlig sektormyndighet for områdene planter, fisk, dyr, mat og drikkevann. Som høringsinstans har Mattilsynet i oppgave å bidra til at planer ivaretar nasjonale og regionale interesser innenfor områdene:

- Drikkevann
- Plantehelse
- Fiskehelse/fiskevelferd
- Dyrehelse/dyrehelsevelferd

Relevant regelverk, nasjonale og regionale føringer

Kommunen skal i samsvar med folkehelseloven kapittel 2 ta drikkevannshensyn når den utarbeider arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplaner, samt når den gir tillatelser etter relevant regelverk, jf § 26 i drikkevannsforskriften.

Nasjonale mål for vann og helse, vedtatt av regjeringen i 2014 har konkrete mål som skal ivaretas spesielt for å sikre vannforsyninger gjennom tiltak i planer. Herunder er mål om å knytte utilfredsstillende separate og små fellesanlegg til felles vannforsyning der kvaliteten lettere kan kontrolleres.

I nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023 er det tydelige forventninger til kommuner og Fylkeskommune. Det fremheves at det er viktig at vannforekomster som benyttes til vannforsyning beskyttes mot forurensning slik at brukerkonflikter kan unngås og at befolkningen er sikret tilstrekkelige mengder helsemessig trygt drikkevann. Sikring av drikkevannskilder og areal til infrastruktur for vann og avløp er en viktig del av kommunale planer. Fylkeskommunene og kommunene skal ta hensyn til og beskytte drikkevannskilder i sin planlegging, slik at behovet for rensing ved produksjon av drikkevann reduseres. Mattilsynet forventer at Lom kommunen i sin planlegging følger opp de nasjonale forventningene og føringene som er gitt for å beskytte drikkevannskilder.

Uttalelse til kommuneplanens arealdel

Drikkevann som del av kommuneplanen

- Mattilsynet forventer at drikkevann inngår som del av infrastrukturen og er en av faktorene som vurderes når nye deler av kommunene skal reguleres og bygges ut.
- Vi forventer at en hovedplan vann og avløp inngår i oversikt over gjeldende planer/planer under arbeid.
- Mattilsynet forventer at det etableres felles vannforsyninger ved etablering av hyttefelt.

Drikkevann og samfunnssikkerhet

- Vi savner en sterkere presisering av at vannforsyningen er et viktig element i vurderingen rundt samfunnssikkerheten og at god kvalitet på drikkevann bør være et viktig mål for kommunen, for hele området med fastboende og fritidsboliger.
- Det er et krav i drikkevannsforskriften § 9 at det skal kunne leveres tilstrekkelige mengder med drikkevann til enhver tid.
- Mattilsynet forutsetter derfor at kommunen stiller krav om en detaljert ROS-analyse for den enkelte reguleringsplan. Denne må skaffe en oversikt over kapasiteten og forsyningssikkerheten i planområdet, samt i de tilgrensende områder.
- Videre forutsetter vi at kapasiteten i hele kommunens hovednett og reservevannforsyning økes og ligger i forkant av utbyggingene. Dette for at hele kommunen sikres tilstrekkelig mengder med drikkevann av god kvalitet før utbyggingene starter.

Drikkevann og leveringssikkerhet

- Mattilsynet har økt fokus på leveringssikkerhet, både lokalt og i et regionalt perspektiv.
- Når det etableres nye bolig- og hyttefelt forventer vi at eierskap til vannforsynings systemet fastsettes i reguleringsplaner i henhold til §§1 og 2 i Lom om vass- og avløpsanlegg.

Vi ønsker å bli orientert om videre arbeide med planen.

Med hilsen

Anne Andberg
avdelingsleder

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk fjellsenter
Brubakken 2, 2686 Lom
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 948 80 564
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen>

Dok nr. 58

Lom kommune
Midtgard
2686 LOM

Saksbehandlar Kari Sveen

Vår ref. 2021/8902-3 421.3

Dykkar ref. 2021/708

Dato 22.09.2021

Lom kommune - Arealdel til kommuneplanen 2021-2030 - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Viser til høyringsdokumenta og til brev av 30.08.21 om utsatt frist for uttale.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har behandla saka i møte 17. september, der det vart gjort slik vedtak om uttale:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen legg til grunn at turisthyttene som ligg inne i verneområdet (Glitterheim, Memurubu og Gjendebu) berre skal visast med symbol og namn på kommuneplankartet, og ikkje med større areal avsett til fritids- og turistformål. Verneforskrifta gjeld fullt ut innan nasjonalparken, og alle tiltak på bygningar og anlegg må behandlast av forvaltningsstyresmakta. Det å vise enkelte område som næringsareal for turisme gjev eit uheldig signal, og kan medverke til å svekke vernestatusen og forståinga for verneforskrifta.

Bruk av arealbruken næringsformål på ferdselsruter og større område inne i nasjonalparken er heilt klart i strid med verneformålet nasjonalpark. Det er og uheldig at områda BFT21 og BFT22 er vist som næringsareal helt ned mot vasskanten på vassdraga Gjende og Muru, jf. retten til fri ferdsel langs vassdrag. Områda BFT20, BFT21 og BFT22 må derfor takast ut av plankarta og erstattast med punktsymbol som viser lokaliseringa av turisthyttene innan nasjonalparken.

Nasjonalparkstyret viser til at «*høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*» er nemnt særleg i formålsparagrafen for Jotunheimen nasjonalpark, og det vil vera i strid med verneformålet å vise viktige ferdselsruter forbi turisthyttene som blått næringsareal. Ferdselsrutene og areala elles rundt Memurubu, Gjendebu og Glitterheim må visast som LNFR-område på plankartet.

Nasjonalparkstyret føreset av planomtalen kap. 6.5 blir korrigerert, slik at også Jotunheimen blir nemnd blant dei bandlagte områda for naturvern (H720) innan kommunen.

Det er positivt at planen ikkje legg opp til større utbyggingar eller andre tiltak som vil skape auka trafikk inn i verneområdet på plassar der det ikkje er tilrettelagt for å ta imot gjester, slik det er rundt dei etablerte innfallsportane ved turisthyttene i randsonen.



Merknad til pkt. 3.1.4 i planføresegnene: Det bør presiserast at denne generelle opninga for antenner og vindmøller ikkje gjeld for hytter/bygningar innan verneområda. Eit krav om søknad eller melding om slike tiltak ville sikre at ein får fanga opp tilfelle som rører ved verna område eller særskilde kulturminneverdiar.

Viser elles til vedlagt utskrift av møtebok, sak 35/2021.

Med helsing

Kari Sveen
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:
Statsforvalteren i Innlandet Postboks 987 2604 LILLEHAMMER
Lom fjellstyre Postboks 94 2686 LOM
Eldrid Nedrelo



Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/8902-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 31.08.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	35/2021	17.09.2021

Lom kommune - Arealdel til kommuneplanen 2021-2030 - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen legg til grunn at turisthyttene som ligg inne i verneområdet (Glitterheim, Memurubu og Gjendebu) berre skal visast med symbol og namn på kommuneplankartet, og ikkje med større areal avsett til fritids- og turistformål.

Verneforskrifta gjeld fullt ut innan nasjonalparken, og alle tiltak på bygningar og anlegg må behandlast av forvaltningsstyresmakta. Det å vise enkelte område som næringsareal for turisme gjev eit uheldig signal, og kan medverke til å svekke vernestatusen og forståinga for verneforskrifta.

Bruk av arealbruken næringsformål på ferdselsruter og større område inne i nasjonalparken er heilt klart i strid med verneformålet nasjonalpark. Det er og uheldig at områda BFT21 og BFT22 er vist som næringsareal helt ned mot vasskanten på vassdraga Gjende og Muru, jf. retten til fri ferdsel langs vassdrag. Områda BFT20, BFT21 og BFT22 må derfor takast ut av plankarta og erstattast med punktsymbol som viser lokaliseringa av turisthyttene innan nasjonalparken.

Nasjonalparkstyret viser til at «*høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*» er nemnt særleg i formålsparagrafen for Jotunheimen nasjonalpark, og det vil vera i strid med verneformålet å vise viktige ferdselsruter forbi turisthyttene som blått næringsareal. Ferdselsrutene og areala elles rundt Memurubu, Gjendebu og Glitterheim må visast som LNFR-område på plankartet. Nasjonalparkstyret føreset av planomtalen kap. 6.5 blir korrigerd, slik at også Jotunheimen blir nemnd blant dei bandlagte områda for naturvern (H720) innan kommunen.

Det er positivt at planen ikkje legg opp til større utbyggingar eller andre tiltak som vil skape auka trafikk inn i verneområdet på plassar der det ikkje er tilrettelagd for å ta imot gjester, slik det er rundt dei etablerte innfallsportane ved turisthyttene i randsonen.

Merknad til pkt. 3.1.4 i planføresegnene: Det bør presiserast at denne generelle opninga for antenner og vindmøller ikkje gjeld for hytter/bygningar innan verneområda. Eit krav om søknad eller melding om slike tiltak ville sikre at ein får fanga opp tilfelle som rører ved verna område eller særskilde kulturminneverdiar.

--- slutt på innstilling ---



Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 17.09.2021

Marit Sletten stilte spørsmål ved habiliteten sin før styret behandla saka. Nasjonalparkstyret vurderte at ho som kommunepolitikar ikkje er ugild i saka om overordna arealplan.

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

Dokument i saka

- Brev av 30.08.21 frå Lom kommune med tilhøyrande plandokument og orientering om høyring med forlenga frist for høyring til 30. september.
- Alle plandokumenta er tilgjengeleg på kommunen si heimeside:
<https://www.lom.kommune.no/hoyringar-og-kunngjeringar/offentleg-hoyring-kommuneplanens-arealdel-for-lom-2021-2030.50268.aspx> Særleg sentrale er desse:
A) Planomtale - <https://www.lom.kommune.no/f/ic7ae4fb9-d304-4ec4-ad34-a49f18f39680/vedlegg1-kp-lom-planomtale.pdf>
B) Plankart sør, som omfattar Jotunheimen nasjonalpark - https://www.lom.kommune.no/f/ia2d9c01b-836f-4365-ac2c-8652853448e6/2_plankart2_kp_lom_sore-del-av-kommunen_off1.pdf
C) Plankart randsone ved Juvasshytta/Galdhøpiggen sommarskiser - https://www.lom.kommune.no/f/i549ae660-98c9-4792-9d6b-9b6680302a0a/10_plankart10_juvasshytta_off1.pdf
D) Planføresegner og retningslinjer - <https://www.lom.kommune.no/f/i021fce61-4974-4706-814b-741dc2d7681e/vedlegg2-kp-lom-planforesegner.pdf>

Saksopplysningar

Hovudføremålet med arealdelen er å leggje til rette for ei overordna styring av arealbruken i kommunen, og kan både stimulere og redusere bruk og aktivitet gjennom føringar i planen. Arealdelen er ein juridisk bindande plan.

Innanfor nasjonalparken er verneforskrifta styrande for arealbruken, og det kan ikkje leggjast inn arealbruksformål som er i strid med verneformål og forskrift.

Arealbruk som blir foreslått i randsonen kan påverke verneverdiane innanfor vernegrensene. Dette er utgangspunktet for saksutgreiinga. Det er berre areala innan nasjonalparken og tilrettelegginga for tiltak som kan tenkjast å få påverknad på verneverdiane innanfor vernegrensene som blir lagt fram for vurdering for nasjonalparkstyret som høyringspart.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert frå 01.01.20.

Verneformål – forskrift

Verneforskriftene gjeld ikkje utanfor vernegrensene, men etter § 49 i naturmangfaldlova (nml.), skal myndighet som behandlar saker etter annan lov som kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde ta omsyn til desse verdiane i si vurdering.

Revidert verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark vart vedteke 14.11.2014.

Verneverdiane i verneområdet er lista opp i formålsparagrafen (§1) i verneforskriftene:

Jotunheimen nasjonalpark **§1 Formål:**

«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Naturmangfaldlova

§ 49 i naturmangfaldlova omhandlar *«utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde»*, og gjev følgjande føringar: *«Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.»*

Vurdering

Forslag til arealbruk innan grensene for Jotunheimen nasjonalpark.

Nasjonalparken er på korrekt vis vist som bandlagt område for naturvern (H720), men Jotunheimen manglar i opplistinga i kap. 6.5 i planomtalen:

«6.5 Bandlagte område (PBL § 11-8 bokstav d)

H720: Omfattar dei ti områda som er verna etter naturmangfaldlova i Lom: Breheimen nasjonalpark, Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen landskapsvernområde, Finndalen landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Høyrokampen naturreservat,



Smådalsvatni naturreservat, Åsjo naturreservat, Risheimøya naturreservat og Brettingsmoen naturreservat.»

Avsnittet bør korrigerast slik at også Jotunheimen blir nemnd; dvs. totalt 11 område. Arealbruksformål innan det bandlagde verneområdet er i hovudsak vist med grønt, for *Landbruks-, Natur- og Friluftsmål samt Reindrift (LNFR)* – PBL § 11-7 nr. 5. Men det er i tillegg lagt inn arealbruk næring (fritids- og turistformål) rundt dei tre turisthyttene som ligg innan nasjonalparken i Lom. I planomtalen blir dette omtala slik:

«Turisthyttene/turisthotell som berre var vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003, er lagt inn som arealfigurar som fritids- og turistformål. Dette gjeld Gjendebu, Memurubu, Glitterheim, Leirvassbu, Krossbu, Jotunheimen fjellstue, Juvasshytta, Spiterstulen, Bøvertun, Elveseter, Røisheim og Soleggen fjellstugu. Desse er vist med punktsymbol som næringsområde i gjeldande kommuneplan frå 2003. Tilsvarende er gjort med eksisterande campingplassar.» Kartutsnitta under viser forslag til arealbruksformål.

Glitterheim – BFT20



Memurubu – BFT21





Gjendebu – BFT22



Som det går fram av figurane BFT20-22 så blir også turrutene som går forbi dei tre turisthyttene innan nasjonalparken innlemma i dei blå/lilla BFT-områda. Dette er område som er viktige for allmenta sin rett til fri ferdsel, og må visast med grønt. Jf. formålsparagrafen i verneforskrifta, siste ledd, som slår fast at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*».

Særleg for Memurubu er det avgrensa arealet langt større enn det som bør visast som næringsområde. Her er også det som formelt er seter i medhald av seterforskrifta vist med blå/lilla i staden for grønt LNFR-område.

Det er også svært uheldig å vise areal heilt inntil vassdraga Muru og Gjende med formål næring ved Gjendebu og Memurubu – jf. allemannsretten og fri ferdsel langs vassdraga som ein vesentleg føresetnad.

Dei blå områda BFT20, BFT21 og BFT22 blir tilrådd teke ut og erstatta med LNFR-område og punktsymbol med namn på bedriftene som ligg innan nasjonalparken.

Arealbruk som kan påverke verneverdiane innan Jotunheimen nasjonalpark

Også arealbruken i randsonene til verneområdet kan i større eller mindre grad påverke verneverdiane. Tilrettelegging med innfallsportar er døme på arealbruk utanfor som bidra til å trekkje ferdsel inn mot eit bestemt område, men som også kan ha positiv påverknad på verneverdiane gjennom informasjon og tilrettelegging for friluftsliv.

Større tiltak som nye byggeområde for næring, fritidsbustader og ny infrastruktur kan på same måte i nokre tilfelle verke negativt på verneverdiane, ved at ein får ferdsel inn i sårbare område.

Arealplanen for Lom legg ikkje opp til ny infrastruktur eller større utbyggingar eller i nærleiken av verneområdet. Ein ser derfor ikkje spesielle område i planen som bør kommenterast nærare med utgangspunkt i § 49 i naturmangfaldlova.



Merknad til pkt. 3.1.4 i planføresegnene, med følgjande ordlyd:

3.1.4 Antenner, vindmøller m.m. (PBL § 11-9, nr. 6)

a) Antennesystem med høgde inntil 5,0 m og parabolantennar med diameter inntil 1,2 m er tillate, jfr. byggesaksforskrifta § 4-1 bokstav f nr. 5. Parabolantennar skal plasserast minst mogleg skjemmaende på bygningen eller i terrenget.

b) Små vindmøller (rotordiameter mindre enn 1,5 m) og med høgde inntil 5 m frå bakkenivå til toppen av rotoren er tillate som supplement til solcelleanlegg. Ei vindmølle er tillate per fritidseigedom.

Det bør leggjast til i føresegnene at denne generelle opninga for antenner og vindmøller ikkje gjeld for hytter/bygningar innan verneområda. Her må det søkast om dispensasjon frå verneforskrift, og generelt vil dette ofte vera innretningar som kan påverke verneverdien landskap negativt. Det ville vera ein fordel om kommunen hadde krav om søknad eller melding om slike tiltak, for å sikre at ein får fanga opp tilfelle som rører ved verna område eller særskilde kulturminneverdiar.

Oppsummering

Forslaget til arealplan viser større område rundt etablerte bedrifter innan nasjonalparken med arealbruksformål fritids- og turistformål. Kommunen bør behalde den tidlegare ordninga med å berre vise turistbedriftene innan nasjonalparken med punktymbol og namn. Endring av LNFR-område til næring/turistformål må vera forankra i ein formell delingsprosess eller reguleringsplan, og ikkje berre teiknast inn med arealavgrensingar på eit plankart etter ei skjønsmessig vurdering frå kartteiknaren.

Områda BFT20-22 ligg innan Jotunheimen nasjonalpark, og er omfatta av verneforskrifta. Desse tre områda bør derfor takast ut og erstattast med LNFR-område, der bedriftene kan markerast med namn/symbol, men ikkje med arealutstrekning. Dersom kommunen ikkje ønskjer å vidareføre dagens ordning med symbolvisning, må areala vist med blått/lilla innskrenkast vesentleg. Det er ikkje akseptabelt å vise areal langs vassdrag (Gjende og austsida av Muru) ved Gjendebu og Memurubu som blått næringsareal. Strandsonene må visast som LNFR-område. Dette for å ivareta allmenta sine interesser knytt til friluftsliv, som også er blant dei framheva verneformåla i Jotunheimen nasjonalpark. Det er også negativt å leggje sentrale ferdselsårer for friluftslivet inn under arealbruk turistformål – jf. formål om utøving av uforstyrra naturoppleving som eit sentralt mål innan verneområdet. Austre del av BFT21 ved Memurubu turisthytte er formelt sett seter til garden Sveine, og må såleis vera LNFR-område på plankartet.



Lom kommune
Midtgard
2686 LOM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Terje Abrahamsen, 61 26 60 64

Lom kommune - samordning av statlege motsegner - kommuneplanens arealdel 2022-2030

Vi viser til brev av 7. juli 2021 med høyring av arealdelen til kommuneplan for Lom 2021-2030.

Samordning av statlege motsegner til kommunale planar er ei fast ordning som inneber at motsegner fremma av statlege styresmakter kjem samordna frå Statsforvaltaren til kommunen. Planfasen etter at motsegnene er fremma blir ikkje påverka av ordninga, men styresmaktene med motsegn og kommunen blir oppmoda til å arbeide aktivt for å avklare motsegnene lokalt. Dersom partane ikkje blir samde kan kommunen be om mekling.

Motsegner til planforslaget:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fremma motsegn til:

Område for råstoffutvinning i verna vassdrag, inntil det er gjort ei fagleg vurdering og lovmessig avklaring for desse uttaka (jf. vassressurslova §§ 8 og 35). Vurdering av samla effekt er vesentleg, denne må innehalde verknader av uttak, samt konsekvensar av uttaka og plassering med tanke på vernegrunnlag og andre miljøverdiar i vassdraget.

Statsforvaltaren i Innlandet har fremma motsegner til:

- Motsegn til at planforslaget ikkje sikrar at potensiale for fortetting og transformasjon vert utnytta før nye utbyggingsområde blir teke i bruk.
- Motsegn til BFT01 Konglehaugen inntil ein akseptabel tilkomst er avklart.
- Motsegn til følgjande område for råstoffutvinning
 - M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet, konflikt med naturmangfald.
 - M104 Otta-Geitøye og M106A Otta-Liabrue (austsida av brua), konflikt med naturmangfald.
 - I Bøvra - M18 (Galdebygde), M31 (Medalen), M32 (Borgasanden), M101 (Prestsæter), M102 (Kvanndalsvoll) samt M24 (Leira ved Liasanden). I tillegg kjem M54 (Finna ved Lauva). For alle grunngeve med at uttak av masser skjer i varig verna vassdrag.

Grunnlaget for motsegnene er m.a. føringar i T-2/16, nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet.



Vurdering

Innsigelsene er grunngeve i vesentlege regionale og nasjonale interesser innafor den enkelte styresmakt sitt sektoransvar. Motsegnene frå NVE og Statsforvaltaren er delvis overlappande og har difor ikkje behov for samordning. Vi vurderer at relevant grunnlag for motsegnene går fram av fråsegnene. NVE og Statsforvaltaren si fråsegn med motsegner er vedlagt.

Det er gitt råd om korleis motsegnene kan løysast. Vi oppmodar kommunen til vidare dialog med NVE og Statsforvaltaren med sikte på å løyse motsegnene.

Med helsing

Anne Kathrine Fossum (e.f.)
Kommunal- og samordningsdirektør

Terje Abrahamsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Uttalelse til høring - Lom - innsigelse - kommuneplan – arealdelen (NVE)
- 2 Lom - kommuneplan for Lom 2022-2030 , arealdelen - merknader til høring (SFIN)

Kopi til:

Direktoratet for mineralforvaltning	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Statsforvalteren i Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Innlandet fylkeskommune	Pb. 4404	2325	HAMAR
Norges vassdrags- og energidirektorat Region Øst	Postboks 4223	2307	HAMAR
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103	TØNSBERG



STATSFORVALTEREN I INNLANDET
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Vår dato: 22.09.2021
Vår ref.: 201500345-11
Arkiv: 323
Deres dato: 07.07.2021
Deres ref.: 2021/708

Saksbehandler:
Kristin Hasle Haslestad

NVEs innsigelse - Offentlig ettersyn - Kommuneplanens arealdel for Lom kommune 2021-2030 - Innlandet

Vi viser til høringsdokument datert 07.07.2021.

NVE mener planen ikke ivaretar vesentlig regionale og nasjonale interesser knyttet til NVEs ansvarsområder, og vi fremmer derfor innsigelse til kommuneplanen for Lom med grunnlag i plan- og bygningsloven § 5-4 og 11-8 f), samt vannressursloven §§ 8 og 35.

Bakgrunn

NVE mener Lom kommune har gjort en omfattende og bra jobb med kommuneplanens arealdel. Planen er ryddig framstilt, men det er noen feil knyttet til nummerering av planbestemmelser og områder for råstoffutvinning som bør rettes opp og ev. høres i nytt offentlig ettersyn. Gjeldene kommuneplan er fra 2003. Forslaget til ny kommuneplan omfatter hele kommunen, bortsett fra områdereguleringsplan for Fossbergom.

Lom kommune har store areal som potensielt kan være utsatt for naturfare (aktsomhetsområder), og en del områder er farekartlagt (reell fare). Ny kommuneplan legger opp til en aktiv holdning og muligheter knyttet til masseuttak i vassdrag. Kommunen har verna vassdrag innenfor kommunegrensene – Bøvre ([002/10 Bøvri - NVE](#)) og Finna ([002/9 Finna - NVE](#)), som med sidevassdrag utgjør store areal. Tesse er utbygd med tanke på vannkraft. Lom kommune er i innlandsmålestokk en relativt liten hyttekommune, men det er mange reiselivsbedrifter og mange mennesker som besøker kommunen for å benytte kommunens store, sammenhengende områder med vakker natur, der vesentlige deler av kommunen ligger innenfor Jotunheimen nasjonalpark og en mindre del i Reinheimen nasjonalpark.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVEs vurdering

Generelt

Det er plankrav om reguleringsplan for bygge- og anleggsområder, jf. planbestemmelsenes § 2.1. Selv om bestemmelsen gjør noen unntak fra dette, så er det i planbestemmelsenes § 2.2 gode bestemmelser som fanger opp pbl. § 4-3 om ROS-analyser og byggteknisk forskrift §§ 7-2 og 7-3 om flom og skred. NVE mener kommunen på denne måten har løst dette i tråd med lovkrav.

Vi gjør oppmerksom på at planbestemmelse 3.8 og 3.9 mangler.

Uttak av masser i vassdrag – områder for råstoffutvinning

Det er totalt regulert inn 43 områder som eksisterende områder for råstoffutvinning, der størrelse og omfang varierer svært mye.

14 av de 43 områdene har vedtatte reguleringsplaner, hvor 7 av de omfatter uttak i vassdrag. Hvis kommunen ønsker å videreføre reguleringsplaner i kommuneplanen, kan det etter pbl. § 11-8 f) avsettes en hensynssone hvor gjeldende reguleringsplan fortsatt skal gjelde uendret. Bestemmelsen slår fast at *«Ved bruk av denne hensynssonen skal kommunen vurdere om reguleringsplanene er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.»* NVE kan ikke se at kommunen har gjort vurderinger knyttet til om de gamle reguleringsplanene er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.

Kommunen har også foreslått 29 områder med arealbruksformål råstoffutvinning – eksisterende virksomhet uten tidligere reguleringsplan. 7 av disse uten reguleringsplan gjelder masseuttak i vassdrag.

Planbestemmelsenes § 3.7 krever at før nye områder for råstoffutvinning blir tatt i bruk, eller eksisterende områder blir vesentlig utvidet, skal det utarbeides og godkjennes reguleringsplan for området.

Dette betyr, slik NVE tolker det, at eksisterende uttak uten reguleringsplan ikke trenger ytterligere lovmessig avklaring, dersom de allerede er tatt i bruk som masseuttaksområder. På den måten vil eksisterende masseuttaksområder bli stadfestet ved vedtak av kommuneplanen. NVE kan ikke se at det gjort noen helhetlige faglige utredninger eller konsekvensutredninger for temaet råstoffutvinning. Dette mener NVE er en faglig mangel i planen, jf. også pbl. § 11-8 f) som vist til over.

For de eksisterende uttakene med reguleringsplan, finner vi ikke noen omtale av om arealet som er vist i kommuneplankartet er det samme som de gjeldene reguleringsplanene omfatter. Vi kan ikke se at det er gjort noen helhetlig vurdering av masseuttaksbehovet i kommunen, samlet belastning knyttet til uttak i verna vassdrag, eller effekter av og formål med uttak i vassdrag. Masseuttaksområder i vassdrag kan ofte føre til negative konsekvenser for vassdraget og komme i konflikt med verneformål i verna vassdrag. Eksisterende reguleringsplaner og forrige kommuneplan er vesentlig mer enn 10 år gamle, og har behov for oppdateringer både når det gjelder regelverk og praksis. Det har skjedd store endringer i kunnskapsgrunnlag, prioriteringer i samfunnet og politiske føringer, samtidig som kommunens behov kan ha endret seg.

Videre fremmer vi innsigelse til områder for råstoffutvinning i verna vassdrag inntil det er gjort en faglig vurdering og lovmessig avklaring for disse uttakene (jf. vrl. §§ 8 og 35). Vurdering av samlet effekt er vesentlig, denne må inneholde virkninger av uttak, samt konsekvenser av uttakene og plassering med tanke på vernegrnlag og øvrige miljøverdier i vassdraget. NVE mener videre at reguleringsplaner som er 23 år gamle bør revideres og oppdateres i tråd med dagens lovkrav, forvaltningspraksis og faglige anbefalinger Vi anbefaler at det stilles krav om



utarbeiding av reguleringsplan for de uttakene kommunen ønsker å videreføre, uavhengig av om uttaket er startet opp eller ikke.

Spredte byggeområder uten krav om reguleringsplan

Kommuneplanen åpner til en viss grad for nye byggetiltak uten krav om reguleringsplan eller ny regulering innenfor for eksempel LNF-B01, LNFR.F01, LNFR-N01A og LNFR-N01B. Områdene er ifølge planomtalen konsekvensutredet, og planbestemmelsenes § 2.2 vil fange opp kravet til utredning av naturfare for denne type tiltak. Dette er viktig og bidrar til at kommunen kan følge opp sitt ansvar etter pbl. § 28-1.

Vassdrag – byggegrenser og kantsoner

Det er i planen gitt en generell byggegrense mot vassdrag på 50 meter. For områder som er omfattet av reguleringsplan kan dette fravikes i tråd med reguleringsplanen, jf. planbestemmelsene § 2.3.

Byggegrense er avsatt på kommuneplankartet. Videre er det gitt en bestemmelse om at det jf. vrl § 11 skal settes av et vegetasjonsbelte langs vassdrag ved nydyrking og lignende. Langs alle vassdrag med årssikker vannføring skal dette beltet være minst 6 meter. Planbestemmelsenes § 2.2 og 7.1.4 vil fange opp naturfare langs vassdrag og ev. utfylle denne bestemmelsen. Totalt sett virker dette tilfredsstillende på dette plannivået.

Verna vassdrag

Elvene Bøvre og Finna med sideelver er verna etter verneplan I (1973) for vassdrag. Det er gitt bestemmelser knyttet til disse elvene, jf. bestemmelsene § 2.3 (generelt om kantvegetasjon langs vassdrag) og § 6.1 (verna vassdrag). NVE vil presisere at vernet ikke utelukkende er knyttet til vern mot kraftutbygging og at det ikke gjelder kun vannstrengen, men et 100 meters belte på hver side av vassdraget og sidevassdrag, samt andre deler av nedbørfeltet som det er faglig dokumentert at har betydning for vassdragets verneverdi. **Vi synes bestemmelse 6.1 er god, men den mangler hensynet til annet enn vannstrengen, jf. rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag:**

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1078-vernede-vassdrag/id425432/> . NVE gir et faglig råd om at dette inkluderes i planen.

Naturfare – hensynssoner

Kommunen har i plankartet og bestemmelsene skilt på hensynssoner basert på farekartlegging (H310_2) og hensynssoner basert på aktsomhetskart (H310_1). For flom er hensynssonene basert på aktsomhetskart for flom fra 2020, og vist som hensynssoner H320.

Kommunen har også inkludert hensynet til kjente utfordringer knyttet til skog og skred i bestemmelsenes § 7.1.3, gjennom krav om ny vurdering av faresoner ved endringer i forutsetningene. Inntil nasjonale føringer for hvordan man skal håndtere dette foreligger, mener NVE dette, skredfaglig sett, er en tilfredsstillende måte å løse dette på.

For flom er det gitt føringer i bestemmelsenes § 7.1.4. Kommunen bruker begrepet «kan» om krav til utredning av flomfare for byggetiltak innenfor hensynssona. Dette bør etter NVEs syn være «skal» i en form som «innenfor hensynssone H320 skal tilstrekkelig sikkerhet jf. byggt teknisk forskrift være dokumentert ivaretatt for nye byggetiltak». Dokumentasjonskravet ved tiltak tilligger tiltakshaver, og kommunen skal påse at det er ivaretatt. Dersom kommunen mener at aktsomhetskartene ikke er tilstrekkelige eller gode nok, burde man gjort en faglig gjennomgang i forbindelse med kommuneplanprosessen og silt ut de områdene som opplagt faller utenfor potensielle fareområder.



NVE mener planbestemmelsen bør presisere det lovpålagte dokumentasjonskravet (jf. pbl 28-1 og byggteknisk forskrift § 7-2) bedre enn bestemmelsen gjør i dag, og anbefaler en endring av bestemmelsen slik at dette kravet kommer tydeligere fram.

Overvann

NVE mener kommunen med fordel kunne hatt en mer aktiv tilnærming til overvann i kommuneplanen, både gjennom analyser, virkemiddelbruk og konkrete krav til framtidig reguleringer. Vi er klar over at Lom ikke har stor andel harde flater og urbane områder, men klimaendringene gjør at styrtregn vil danne grunnlaget for hva vi dimensjonerer for, og dette vil også kunne ramme Lom og de tettest bebygde områdene i kommunen.

Gjennom kommunens planlegging må arealbruken styres aktivt slik at ikke nye byggetiltak bidrar til økt overvannsrisiko. Det er en offentlig planoppgave å sørge for trygg bortledning av overvann, jf. pbl § 3-1 bokstav g. Kommuneplanens arealdel bør sette av tilstrekkelig areal til trygg bortledning av større vannmengder og regulere hvordan disse vannmengdene skal ledes trygt til resipient. For større nedbørfelt kan det bli aktuelt å sette av areal også til fordrøyning i kommuneplanen.

Kommuneplanen bør avklare hvilke vannmengder som skal tas hånd om i det enkelte byggeområde, og hvilke vannmengder som kan ledes videre, dvs. hvordan overskytende mengder skal ledes trygt til resipient. Dette kan gjøres gjennom bestemmelser som pålegger utbygger å infiltrere og fordrøye en gitt prosentsats av årsnedbøren, en fast nedbørsum i millimeter per regnhendelse eller en bestemt returperiode og varighet. Bestemmelsene bør videre beskrive hvordan overskytende vannmengder skal ledes videre til offentlig flomvei eller resipient. Det er forholdene på stedet og nedbørfeltet som avgjør hva som er tilstrekkelig sikkert.

Se mer informasjon på NVEs hjemmesider [Overvann i arealplanlegging - NVE](https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/vannforvaltning/overvannshandtering), og på Miljødirektoratet sine sider: <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/vannforvaltning/overvannshandtering>

Vannuttak

Kommunen har følgende vannkilder vist i planen: Garmo, Galdesand og Leirmo, samt Juvvatnet som fungerer som vannkilde for bedriftene i området. Det er gitt bestemmelser og retningslinjer til disse i planbestemmelsenes § 7.1.1.

Overflatevann

Vi minner om at vannuttak må avklares i forhold til vannressursloven sine bestemmelser (jf. vrl. §§ 8 og 18). For eldre vannuttak uten konsesjon, anbefaler vi at kommunen vurderer om uttaket trenger konsesjon etter vannressursloven § 8. Lovavklaring må på plass før det gjøres endringer i vannuttaket. Dersom det er tvil om et tiltak er konsesjonspliktig eller ikke, kan en melding sendes NVE i en tidlig fase for en vurdering, se NVEs hjemmesider om [Konsesjonspliktutredning av vassdragstiltak](#). Konsesjonsplikt slår inn dersom allmenne interesser blir vesentlig, negativt berørt av tiltaket. Konsesjonsplikten slår inn på samme måte dersom eksisterende uttak med konsesjon endres.

Grunnvann

NVE minner om at for grunnvannsuttak er vannressursloven § 45 formulert slik at det er meldeplikten til NVE som slår inn når vannuttaket overstiger 100 m³/døgn. Konsesjonsplikten gjelder uavhengig av uttaksvolum og slår inn der grunnvannsuttaget kan være til nevneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser. Det er derfor ingen automatikk i at kommunen fritt kan øke vannuttaket fra eksisterende brønner, selv om uttaket holdes under 100 m³/døgn. To sentrale spørsmål er om uttak av grunnvann blir begrenset til det grunnvannsmagasinet tåler jf. vrl § 44, eller om vassdrag kan bli negativt berørt av økt



uttak jf. vrl § 10. Så lenge uttaket ikke er meldepliktig må kommunen selv foreta en vurdering av om en økning av grunnvannsuttaget kan være konsesjonspliktig.

Konklusjon

NVE mener planen ikke ivaretar vesentlig regionale og nasjonale interesser knyttet til NVEs ansvarsområder, og vi fremmer derfor innsigelse til kommuneplanen for Lom med grunnlag i plan- og bygningsloven § 5-4 og 11-8 f), samt vannressursloven §§ 8 og 35.

1. NVE fremmer innsigelse til områder for råstoffutvinning i verna vassdrag inntil det er gjort en faglig dokumentasjon og lovmessig avklaring for disse uttakene (jf. vrl §§ 8 og 35). Vurdering av samlet effekt av uttakene er viktig å gjennomføre. Videre må man se på effekter av uttak, samt konsekvenser av uttakene og plassering med tanke på vernegrunnlag og øvrige miljøverdier i vassdraget.
2. NVE mener også at reguleringsplaner som er 23 år gamle må revideres og oppdateres i tråd med dagens lovkrav og faglige anbefalinger (jf. pbl § 5-4 og 11-8 f)). For masseuttak i vassdrag uten reguleringsplan må det gis krav om utarbeiding av reguleringsplan for de uttakene kommunen ønsker å videreføre, uavhengig av om uttaket er startet opp eller ikke.

Faglig råd:

- NVE anbefaler sterkt at man gjør en helhetlig vurdering av masseuttak i kommunen før man regulerer dette inn i kommuneplanen. Vi anbefaler også at det gis krav om reguleringsplan for alle uttak langs vassdrag, samt uttak som ev. krever avklaring etter byggt teknisk forskrift §§ 7-2 og 7-3.
- Bestemmelse 6.1 er god, men den mangler hensynet til annet enn selve vannstrengen, jf. rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. NVE anbefaler at man tar inn dette.
- Planbestemmelse § 7.1.4 Faresone flom. NVE mener planbestemmelsen bør presisere det lovpålagte dokumentasjonskravet som kommunen plikter å følge opp (jf. pbl § 28-1 og byggt teknisk forskrift § 7-2) bedre enn bestemmelsen gjør i dag, og anbefaler en endring av bestemmelsen fra «kan» til «skal» slik at kravet kommer tydelig fram.
- Overvann bør vies større oppmerksomhet i kommuneplanens arealdel, jf. våre faglige råd.
- NVE anbefaler at man tar orienteringen om regler for vannuttak og lovkrav etter vrl. til etterretning, og ev. tar det som er relevant inn som retningslinjer for kommende saksbehandling av vannuttak.
- Planbestemmelse 3.8 og 3.9 mangler.

Vi viser også til Statsforvalteren i Innlandet sin innsigelse til planen.

Med hilsen



Øyvind Leirset
seksjonssjef

Kristin Hasle Haslestad
senioringeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I INNLANDET v/Statsforvalteren i Innlandet Innsigelser



Lom kommune
Midtgard
2686 LOM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Olav Malmedal, 61 26 61 41

Lom - kommuneplan for Lom 2022-2030 , arealdelen - merknader til høyring

Statsforvaltaren meiner kommunen har gjort eit godt arbeid med arealdelen til kommuneplanen, men på nokre område er planforslaget i strid med nasjonale eller sterke regionale omsyn som vi skal ivareta. Vi fremmer derfor følgjande motsegn til planforslaget:

- **Motsegn til at planforslaget ikkje sikrar at potensiale for fortetting og transformasjon vert utnytta før nye utbyggingsområde blir teke i bruk.**
- **Motsegn til BFT01 Konglehaugen inntil ein akseptabel tilkomst er avklart.**
- **Motsegn til følgjande område for råstoffutvinning:**
 - **M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet, konflikt med naturmangfald.**
 - **M104 Otta-Geitøye og M106A Otta-Liabrue(austsida av brua), konflikt naturmangfald**
 - **I Bøvra - M18 (Galdebygde), M31 (Medalen), M32 (Borgasanden), M101 (Prestsæter), M102 (Kvannsdalsvoll) samt M24 (Leira ved Liasanden). I tillegg kjem M54 (Finna ved Lauva)**

Sjå nærare i omtalen av dei einskilde motsegnene kva som er grunnlaget og kva som må gjerast for å imøtekomme dei.

I tillegg til motsegna har vi også ein del faglege merknader som vi legg til grunn at vert vurdert.

Vi viser til brev av 7. juli 2021 kor arealdelen til kommuneplanen vert sendt på høyring. Vi viser også til drøftingar i regionalt planforum 26. mai 2021 samt innspel frå oss i samband med oppstart av planarbeidet.

Bakgrunn for saka og planprosess

Gjeldande arealdel til kommuneplanen for Lom er frå 2003. Kommunedelplan for kommunesenteret Fossbergom blei vedteke mot slutten av 2020. Planforslaget som nå er på høyring omfattar ikkje arealet som inngår i kommunedelplan Fossbergom, men resten av kommunen sitt areal.



Kommuneplanen sin samfunnsdel blei vedtatt 27. oktober 2016. I kommunens planstrategi frå 2020 er det tatt inn at samfunnsdelen til kommuneplanen skal reviderast i inneverande kommunestyreperiode. Etter melding om start av arbeidet med revisjon av samfunnsdelen og høyring av planprogram for det, blei planprogram vedtatt 8. juni 2021.

Det har gått lang tid frå varsel om oppstart av arealdelen til den nå er på høyring, men det er positivt at kommunen la opp til gjennomgang av planforslaget i regionalt planforum i vår.

Generelle kommentarar til planmaterialet

Planmaterialet er ryddig og i all hovudsak oversiktleg framstilt. Det likevel vanskeleg å få oversikt over alle eksisterande område for råstoffutvinning, både dei som er omfatta av reguleringsplan og dei som ikkje er det. Dette er område som ikkje er omtalt i konsekvensutgreiinga, men lista opp i planomtalen og planføresegna. Det er også ei utfordring at alle gjeldande planer ikkje er tilgjengeleg digitalt. Dette gjeld både eksisterande kommuneplan (også kommunedelplan?) og ein del reguleringsplanar.

Det er vist nokre område i plankartet som ikkje er fanga opp i planomtale og planføresegner, desse er nærare omtalt lenger ut i dette brevet under vurdering av dei konkrete arealforslaga.

Planomtalen gjev god oversikt over planreservar og utbyggingsomfang av både bustader og fritidsbustader. Vidare viser den på ein ryddig måte, i tabellform, kva nye utbyggingsområde som er lagt inn i planforslaget, både eksisterande og nye (framtidige).

Konsekvensutgreiing er gjennomført for nye arealforslag for i hovudsak relevante tema og med gjennomgåande god kvalitet for omtalte utredningstema. Sjå likevel merknad under kapittel «Reindrift»

Statsforvaltaren har ansvar for både reindrift og gravplassar. I vår uttale har vi nytta oss av kompetansen på reindrift frå Statsforvaltaren i Trøndelag og kompetanse på gravplassar frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Jordvern

Sidan førre rullering av arealdelen til kommuneplanen i 2003 har det skjedd ei vesentleg endring i synet på jordvern og å sikre god arealutnytting. Omsynet til jordvern har vore handsama av Stortinget mange gonger og det nasjonale jordvernmålet har stadig blitt stramma inn. Siste innstramming gjorde Stortinget i juni 2021 og det nasjonale jordvernmålet er no at innan 2025 skal den årlege omdisponeringa av dyrka jord vere mindre enn 3000 daa/år. For Innlandet inneber dette at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal vere mindre enn 300 daa/år.

Det er viktig å ikkje legge ut for mykje areal til utbyggingsformål om gongen. Når ein legg ut mykje areal så tilseier erfaring at arealutnyttinga ofte blir for dårleg. Dette gjeld alle arealformål, både bustadområde, næringsområde og areal for offentleg verksemd. Statsforvaltaren meiner at kommunen heller rullere planen oftare, noko også plan- og bygningslova legg opp til. Ved rullering av arealdelen til kommuneplanen er det viktig at tidlegare avsette areal også vert vurdert, - både i forhold til nye mål om bruk av dyrka jord og krav om høgare arealutnytting. Før ein legg ut nye område er det viktig både å vurdere ei betre utnytting av areal som allereie er tatt i bruk gjennom fortetting og å sjå på moglegheita for omforming av areal gjennom å endre bruken av areal som allereie er omdisponert til andre formål enn landbruk. Potensialet for fortetting og transformasjon bør være kartlagt og utnytta før nye område for utbygging vert lagt inn i plankartet og tekne i bruk.



Det er i konsekvensutgreiinga satt opp eit arealrekneskap som viser forslag til ny arealbruk kor LNF-område vert lagt ut til andre arealformål. Så langt vi kan sjå er ikkje noko areal som tidlegare er lagt ut til anna formål enn LNFR tilbakeført til LNFR-formålet. Kommuneplanen legg opp til ei omdisponering av totalt ca. 12 daa dyrka jord (av dette 8 daa fulldyrka og 4 daa innmarksbeite). Mesteparten av dette går til gang- og sykkelveg langs rv. 15 men også utviding av kyrkjeanlegget ved Garmo kyrkje med parkering og utviding av kyrkjegarden krev dyrka jord.

Når det gjeld dyrkbart areal så er omfanget her av eit vesentleg større omfang. Totalt er det foreslått omdisponering av ca. 258 daa dyrkbart areal. Ca 50 daa av dette er omfatta av BB03 i Frisvollskogen som ligg under 400 moh. Resten av dyrkbart areal som er foreslått omdisponert ligg på Nordsætrin frå ca. 860 – 895 moh. Det er ikkje mykje dyrkbart areal av noko størrelse nede i bygda i Lom. I Frisvollskogen er det eit samanhengande område på ca. 80 daa og når en legg opp til omdisponering av 50 daa av dette arealet så inneber det ein vesentleg reduksjon av tilgjengeleg dyrkbart areal nede i bygda.

Samla for arealdelen meiner Statsforvaltaren at kommunen har gjort eit godt arbeid med å unngå omdisponering av dyrka jord. Sjå likevel dei utfyllande kommentarar til dei einskilde byggeområda.

Barn og unge

Barn og unge er godt ivareteke i planen, men vi ber kommunen om å vurdere å endre føresegn 3.2.1 a) slik at nærleikeplass på minst 100m² blir opparbeida tidlegare og ikkje så seint som ved 25 bueiningar.

Konkrete arealforslag i kommuneplanen

I dette kapitlet vurderer vi konkrete arealforslag i plankart og KU som råkar ved våre interesser:

Bustader

Det manglar ein tabell over nye bustadområde i planomtalen, slik det er gjort for nye område for fritidsbustader. Dette går likevel fram av konsekvensutgreiinga.

Nye område for bustadbygging omfattar berre tre nye område, alle i Frisvollskogen på Garmo, ca. 15 km aust for kommunesenteret. Samla sett legg desse tre nye områda til rette for ca. 35-40 nye einestader, eller grovt rekna 50 einingar dersom ein byggjer ut fleirmannsbustader, ut frå kommunens eigne vurderingar. Kommunen viser til behovet for å ha tilgang til nye bustadtomter for å generere auka tilflytting og sikre at folk ikkje flyttar ut av kommunen. Ut frå statistikk i planomtalen dekkjer dette kommunens bustadbehov i 10-12 år, slik bustadbygginga har vore dei seinaste åra.

Ut frå areal- og transportomsyn skulle bygging av nye bustader i kommunen i hovudsak vore lokalisert til Fossbergom, der hovuddelen av arbeidsplassar og servicetilbod i kommunen er lokalisert. I tillegg kjem det momentet kommunen sjølv peiker på i planomtalen – ein stadig aukande del eldre innbyggjarar. Desse har etter kvart redusert mobilitet og det er viktig med korte avstandar mellom bustad og servicetilbod.

Statsforvaltaren er godt kjend med utfordringane med å finne nye bustadareal i kommunesenteret som har tilstrekkeleg sikring mot ras og skred. Samstundes minner vi om at det blei lagt inn tre nye svært sentrumsnære fortettingsområde for kombinert forretning og bustad i kommunedelplan for Fossbergom. Vi er redd for at for god tilgang til bustadtomter på Garmo, enkle å byggje ut, ikkje syter for tilstrekkeleg etterspørsel etter sentrumsnære bustader i Fossbergom. Av erfaring veit vi at



fortettingsprosjekt og bustadbygging i sentrum er meir krevjande å gjennomføre, særleg dersom det ikkje er tilstrekkeleg etterspurnad.

Statsforvaltaren minner om føringar i statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging om å utnytte eksisterande potensiale for fortetting og transformasjon før nye utbyggingsområde blir teke i bruk. Desse føringane er innarbeid i rundskriv T-2/16, *Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet*, jf. kap. 3.4 om klima. Statsforvaltaren fremmar **motsegn** til kommuneplanforslaget på dette grunnlaget.

Vi understrekar likevel at vi ikkje motsett oss bustadbygging i Garmo, men dette må balanserast tydelegare mot planlagt utbygging i kommunesenteret gjennom fortetting. Vi forventar at kommunen drøftar og greier ut dette nærare og evt. vurderer styring med rekkjefølgjeføresegner for planlagt utbygging i Frisvollskogen i Garmo. I denne vurderinga kan ein også vektlegge at område BB03 fører til omdisponering av 50 daa dyrkbart areal.

Fritidsbustader

Lom kommune har tradisjonelt satsa lite på fritidsbustader, som eit gjennomtenkt og bevisst val. Men det er bygt opp ei rekkje reiselivsbedrifter i kommunen med kommunens unike fjellnatur som grunnlag og attraksjon. I vedteke samfunnsdel er tilrettelegging for fritidsbustader eit overordna mål, og dette er nå følgd opp i arealplanforslaget.

I arealplanforslaget er det lagt inn fem nye område for fritidsbustad, fire av desse ligg rundt det regulerte vatnet Tesse og det siste ligg ca. 4 km SØ for Fossbergom, nær Meadalen.

Statsforvaltaren har ingen vesentlege miljøvernfaglege merknader til dei fem foreslåtte hytteområda. Vi registrerer at det innafor område BF01 er registrert eit mindre areal med djup myr i vest, delvis utafør avsett område og føreset at dette ikkje blir omfatta av utbygging ved seinare regulering.

Forretning, vidareført frå gjeldande kommuneplan

Det blir vidareført fem område frå førre kommuneplan, desse er ikkje omtalt. Vi oppmodar kommunen til å synleggjere dei i planomtalen m.a. med areal og plassering. Det er vidareført fire små område på Garmo og vi har ikkje merknader til desse.

Fritids- og turistføremål

Kommunen har som nemnd tidlegare i liten grad satsa på fritidsbustader, men har relativt mange reiselivsverksemdar. Det er lista opp i alt 26 verksemdar, desse er ikkje konsekvensutgreidd men vist i tabellform i planomtala. Vi registrerer at nokre av dei er omfatta av vedteken reguleringsplan. Det er omtalt 12 turisthytter/hotell som i gjeldande plan var vist med punktymbol men som no er vist med arealformål. Dette er ein endring av plan av som krev konsekvensutgreiing dersom ikkje arealet er regulert til føremålet. Vi er gjort kjent med at avgrensinga av blått areal rundt Gjendebu dekkjer ferdselsåra for beitedyr som skal inn mot Storådalen. Dette må ein vere lokalkjent for å ha kunnskap om dersom det ikkje er opplyst i ei konsekvensutgreiing. Statsforvaltaren meiner at her må slike areal leggest ut som LNFR-formål. Ved Memurubu er setra i aust vist med blått næringsareal i staden for grønt LNFR. Vi legg til grunn at det vert gjort konsekvensutgreiing av desse endringane av arealformål og at det vert sett nærare på avgrensinga i forhold til andre brukarinteresser som for eksempel landbruk.



Områda BFT07 Krossbu, BFT08 Bøvertun, BFT15 Spiterstulen, BFT21 Memurubu og BFT22 Gjendebu har avsett (eksisterande) utbyggingsareal ut mot vassdrag, delvis mot varig verna vassdrag. Vi ber kommunen legge inn ei romsleg buffersone med LNF-føremål mot vassdraget, jf. Også kap. 2.3 og kap. 6 i framlegg til planføresegner. Statsforvaltaren meiner likevel at tiltak kan styrast gjennom reguleringsplan fordi nye tiltak vil vere omfatta av det generelle plankravet i kap. 2.1.

Det er foreslått eit nytt område, dette er BFT01 Konglehaugen, tiltaket inneber bygging av eit anlegg for utleige og drift av husbåtar på Vågåvatnet. Det avsette arealet er på 2,2 daa og legg til rette for bygging av eit kaianlegg med tilhøyrande servicebygg. Det er oppgitt at transport til og frå skal skje med ATV og traktor. Statsforvaltaren registrerer at det er nokså bratt her og meiner samstundes at utbygging og delvis drift av eit slikt anlegg er lite realistisk utan ein permanent veg med tilfredsstillande stigningstilhøve. Slik tilkomst er ikkje vist i kommuneplanframlegget og normalt vil vi ikkje krevje dette. Utfordringa her er likevel at tilkomst til anlegget verkar å måtte gå over anten fulldyrka jord eller langs vatnet med utvald naturtype, slåttemark og utforming lauveng, namnsett Nyrnes. Statsforvaltaren meiner dette inneber at tiltaket kan kome i konflikt med anten nasjonale miljøverdiar og/eller det nasjonale målet om å redusere avgang av dyrka jord, jf. m.a. rundskriv T-2/16, *Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet*, kap. 3.6 om naturmangfald, og nasjonal jordvernstrategi. Vi vil ikkje avvise at tiltaket kan gjennomførast her men fremmar likevel **motsegn** fram til realistisk tilkomst utan slik mogleg konflikt som nemnt over er avklart.

Råstoffutvinning, vidareført frå gjeldande kommuneplan

I plankartet er det sett av 29 område med arealbruksformål råstoffutvinning-eksisterande, ingen av desse er omfatta av reguleringsplan. Dei blei godkjent i en eigen kommunedelplan for sand, stein og grus i 1997 og seinare innarbeidd i gjeldande arealdel til kommuneplanen godkjent i 2003. Ingen av områda er vurdert på nytt i arealdelen som nå er på høyring, men dei er lista opp i planomtalen og i planføresegnene, kap. 3.7. Plankontoret har på vår oppmoding sendt over eige temakart i høyringsperioden, med kartfesting og nummerering av uttaksområda, for å lette gjennomgangen.

Det er m.a. knytt følgjande føresegn til uttaksområda:

«Før nye område for råstoffutvinning vert teke i bruk, eller at eksisterande område for råstoffutvinning vert vesentleg utvida, skal det bli utarbeidd og godkjent reguleringsplan for området, jf. Pbl § 11-9 nr. 1.»

Vi tolkar dette slik at eksisterande område der det er teke ut noko masse allereie kan uttaket vidareførast, utan reguleringsplan. Det er også opna for ei viss utviding av eksisterande massetak, utan reguleringsplan.

Statsforvaltaren meiner alle desse områda burde vore konsekvensutgreidd på nytt, og oppdatert i høve til ny kunnskap og evt endra føresetnader: Opplegg og siktemål for ein slik gjennomgang bør vere:

- sjå det samla behovet for masseuttak i samanheng, med siktemål å redusere antal område,
- oppdatere om evt. ny kunnskap om naturmangfald mm.,
- sette krav om reguleringsplan, særleg der avsett uttak er stort og det er teke ut lite masse, evt er eit behov for uttak av større mengder masse over lengre tid og/eller uttaksområdet ligg svært eksponert (fleire uttak i planen ligg godt over skoggrensa, delvis heilt opp mot 1.500 moh),
- vurdere generelle rammer for uttak som ikkje blir omfatta av krav om regulering, som m.a. ein tidsfrist for avslutning, innskrenking av uttaksområdet, krav om revegetering mv.



Det er også nokre feil i oversendinga av arealdelen knytt til masseuttak, som vi er gjort merksam på frå kommunen i høyringsperioden:

- Område M96 Leiråsen, i oversikten over regulerte områder, eksisterer ikkje som reguleringsplan (nemnd i planføresegna men ikkje i planomtalen).
- Område M103 Bøvre, Netosæter, har også feilaktig kome inn i kommuneplanen.
- For eigen del registrerer vi at det ligg inn fire område i plankartet som ikkje er omtalt i korkje planomtalen eller planføresegnene. Dette gjelder områda M86 sør for Slåligrende i Bøverdalen og M110, M111 og M112, alle tre nær M31 i Bøvre, Bøverdalen.

Nemnde feil/manglar over skapar ei reell tvil i høyringa, skal desse områda inn i planen?

Ut frå det som er nemnd over oppmodar vi kommunen om gjennomføre ein slik gjennomgang og oppretting før evt. ny høyring av kommuneplanen, som ein del av ei mogleg andre gongs høyring. Nemnde feil og manglar peikar i retning av eit klart behov for ei ny høyringsrunde.

Ein gjennomgang av alle områda for råstoffutvinning i høve til dei omsyna som Statsforvaltaren skal ivareta i planlegginga, i hovudsak verdiar knytt til naturmangfald, viser at det er konflikt i høve til nasjonale omsyn i planlegginga i følgjande område:

1. **M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet**, pga. nærleik til artar vi har særleg ansvar for. Statsforvaltaren vil gje kommunen nærare informasjon, gjennom kanal som ikkje er omfatta av offentleg innsyn.

Statsforvaltaren fremmar **motsegn** til desse to områda for råstoffutvinning. Vi viser til rundskriv T-2/16, *Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet*, jf. Kap. 3.6 om naturmangfald.

2. **M104 Otta-Geitøye og M106A Otta-Liabrue** (austsida av brua). Begge desse uttaksområda har førekomst eller er rett ved førekomst av den prioriterte arten elvesandjeger som er høgt raudlista (EN – sterkt truga). I tillegg ligg M104 i ein naturtype karakterisert som viktig (Bøvra sitt utløp, deltaområde).

Statsforvaltaren fremmar **motsegn** til desse to områda for råstoffutvinning. Vi viser til rundskriv T-2/16, *Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet*, jf. Kap. 3.6 om naturmangfald.

3. Vi oppmodar vidare kommunen **sterkt om å vurdere reguleringskrav for områda M106V vest for Liabrua og M108 Yttervikje**. Når det gjeld område M105 ved Garmo ber vi kommunen også her **sterkt om å vurdere reguleringskrav for dette området**, evt. vurdere om det ikkje bør takast ut av planen. Alle tre uttaka gjeld uttak i vassdrag.

M105 er stort og har etter det vi ser av historiske ortofoto vore i drift over lengre tid. Det er teke ut mykje masse her, vi er usikker på om uttaket skjer i vatn eller på land ved låg vassføring. Uttaket bør uansett lokaliserast slik at det ikkje skjer innafor deltaområdet Odde, naturtype *deltaområde*, utforming lite og mindre formrikt delta. Det er i faktaark i Naturbase verdsett som «lokalt viktig» etter registrering i 2006, men kunnskapsgrunnlaget her kunne med fordel vore oppdatert. Det er ei klar oppmoding i faktaarket om å stoppe vidare uttak av grus innafor deltaområdet. Som eit minimum føreset Statsforvaltaren at uttaksområdet blir avgrensa utanfor registrert naturtype, eller i hovudsak utanfor denne. Vi gjer merksam på at



det ut frå ortofoto er tydeleg at det har skjedd, evt skjer framleis, masseuttak godt utanfor område M105.

4. I tillegg vil vi oppmode kommunen sterkt til å vurdere kritisk om M1 Stallhytta-Veodalen, M50 Illmyrbakkjinn, M81 Juvasshytta og M91 Liasetra ikkje bør takast ut av planen av landskapsomsyn og vassdragsomsyn evt. omfattast av krav om reguleringsplan. Masseuttaka ligg delvis svært eksponert i høgfjell og delvis nær vassdrag.
5. I kommuneplanforslaget ligg det etter informasjon i kap. 5.1.7 i planomtalen nå også inne totalt 13 område for råstoffutvinning som er regulerte, 7 av desse i vassdrag. Desse omfattar i alt 6 uttak i det varig verna vassdraget Bøvre, verna gjennom verneplan IV i 1993. Uttaka er M18 (Galdebygde), M31 (Medalen), M32 (Borgasanden), M101 (Prestsæter), M102 (Kvannsdalsvoll) samt M24 (Leira ved Liasanden). I tillegg kjem M54 (Finna ved Lauva) i det varig verna vassdraget Finna (også verneplan IV).

Uttaksområda var inne i ein eigen kommunedelplan for sand, stein og grus vedteke i 1997, omfatta av reguleringsplanar vedteke i 1998 og vidare vist som *unnateke rettsverknad* i kommuneplanens arealdel i 2003, fordi gjeldande reguleringsplanar skulle vidareførast.

Statsforvaltaren legg til grunn at regulerte uttak i si tid var tufta på ei samfunnsmessig nyttevurdering som var vege mot verneverdiane i vasstrengen og kantsoner. Vi saknar likevel ei oppdatert vurdering av samla konsekvens av uttaka og konkret konsekvens i kvart einskild område. Vi viser her til eit tydelegare fokus på verneverdiane i vassdrag i vassressurslova (2001) og naturverdiar gjennom naturmangfaldlova (2009).

Det har nå gått 18 år sidan uttaksområda blei stadfesta gjennom siste kommuneplan. Vi minner om § 5-5 i plan- og bygningslova og avgrensing i retten til å fremme motsegn til planar det kunne vore fremma motsegn til siste 10 år. Denne fristen er nå ute med god margin. Ut frå dette, samt nye og innskjerpa føringar knytt til verdiar i vassdrag, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til dei 7 nemnde masseuttaka i varig verna vassdrag. Vi viser til rundskriv T-2/16, Nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet, jf. Kap. 3.12 om verna vassdrag og føresegn om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994).

Motsegna kan imøtekomast gjennom ei ny og samla vurdering av konsekvensar ved uttaka i vassdrag. Det må gjerast ei oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald, vurderast konsekvensar av uttaket knytt til korleis uttaka påverkar naturlege prosessar i vassdraget inkludert levevilkår for fisk. Vi forventar også at samla nytteverdi av dei ulike uttaksområda blir synleggjort. Dersom det er massetransport og masseavlagring som er hovudutfordringa må ein også ta stilling til kva uttaksområde i nedbørområdet som gjev best effekt i høve til dette.

For Bøvre siterer vi frå NVE si omtale av vassdraget: «*Bøvri er blant de norske vassdragene som har størst variasjon. Høydeforskjellen er mer enn 2 100 m, og det geologiske mangfoldet er stort, både med hensyn på berggrunnen, løsmasser, breer og aktive prosesser. Sedimenttransporten fra breene og løsmasser langs og i elvene er stor og utgjør en viktig del av landskapsbildet.*»

Uttaksområde M54 ligg i tillegg innafor naturtypen Odden i Finndalen, type Kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti, verdisett som svært viktig. Dette gjev ekstra tyngde til motsegna for dette området.



Samferdselsanlegg, nye strekningar med gang- og sykkelveg

